

# *Føreord*

*Kommuneplan for Osterøy med arealdel 2003-2014 vart godkjend i heradsstyret 8. oktober 2003. Planframlegget, som vart lagt ut til offentleg ettersyn i november i 2002, omfatta arealdel og samfunnsdel med mål, retningslinjer, handlingsprogram for sektorane og økonomiplan.*

*I tida som gjekk frå utlegging til vedteken plan, hadde det skjedd store endringar i kommunen si drift og organisasjon. Samfunnsdelen var i ferd med å bli uaktuell.*

*Kommunen valde difor å laga ein ny tekstdel og å prioritera kommunedelplanar og temaplanar.*

*Dette dokumentet er meint som ei bruksbok for folkevalde, forvaltinga på alle nivå, innbyggjarar og utbyggjarar. Eitt mål har vore å samla på ein stad skriv som kan vera til praktisk nytte for ved bruk av planen.*

*Dokumentet er delt i tekstdel, arealbruk og planverkty.*

*Tekstdelen inneheld mål, retningslinjer og føringar som skal leggjast til grunn i kommuneplanen. Lokale planføresetnader er ei oppdatering og utviding av nokre tema frå samfunnsdelen.*

*Arealbruk inneheld dels nyskreve stoff om bandlagde område, oversyn over ny arealbruk og beredskap knytt til kommunplanen og retningslinjer og andre føringar knytt til kommuneplanen. Utdrag frå tekstdelen til kystsoneplanen er teke inn.*

*Del 3 gjev oversyn over kommunen sitt planverkty pr. juni 2004.*

*Kjelder:*

*Når det gjeld oppdatering, har ein valt å ta utgangspunkt i Statistisk Sentralbyrå (SSB) si Folke-og bustadteljing 2001. Dette er faktisk teljing i november 2001. Osterøy kommune gjennomførte i april 2002 ei registrering av ubebygde tomter/areal. Elles er brukt fylkesstatistikken 2001 og 2002, som har data frå høvesvis 1999 og 2000.*

<b>1</b>	<b>TEKSTDEL.....</b>	<b>4</b>
<b>1.1</b>	<b>INNLEIING.....</b>	<b>4</b>
1.1.1	Lovgrunnlaget.....	4
1.1.2	Plan.....	4
1.1.3	Planprosess.....	5
<b>1.2</b>	<b>YTRE PLANFØRESETNADER.....</b>	<b>6</b>
1.2.1	Statlege føringar.....	6
1.2.2	Fylkeskommunale føringar.....	6
<b>1.3</b>	<b>VISJON, MÅL OG STRATEGIAR.....</b>	<b>7</b>
1.3.1	Visjon for Osterøy kommune.....	7
1.3.2	Prioriterte område knytt til fire plantema og økonomi.....	7
1.3.3	Arealstrategiar.....	8
1.3.4	Mål for beredskapsarbeidet.....	8
1.3.5	Kommunale energistrategiar.....	9
1.3.6	Føringar, retningsliner og forskrifter.....	9
<b>1.4</b>	<b>LOKALE PLANFØRESETNADER.....</b>	<b>10</b>
1.4.1	Utbyggingsmønster og utviklingstrekk.....	10
1.4.2	Bustadareal.....	10
1.4.3	Næringsareal.....	13
1.4.4	Folketalsutvikling.....	14
1.4.5	Bustadreising.....	19
1.4.6	Bustadplanlegging.....	20
1.4.7	Fritidsbustader.....	21
1.4.8	Næring og sysselsetting.....	22
1.4.9	Bygde- og tettstadutvikling.....	25
<b>1.5</b>	<b>OSTERØY I REGIONEN.....</b>	<b>27</b>
1.5.1	Regionstrategiar.....	27
<b>2</b>	<b>AREALBRUK.....</b>	<b>29</b>
2.1.1	Verknader av planen pbl § 20-6:.....	29
2.1.2	Byggjeområde (pbl § 20-4, 1.1.1 ledd).....	30
2.1.3	Rammeplan for avkjøyringar.....	32
2.1.4	Område for råstoffutvinning ( pbl § 20-4,1. 4 ledd).....	32
2.1.5	Landbruks-, natur- og friluftsområde (pbl § 20-4, 1.2 ledd).....	32
2.1.6	Område som er bandlagt eller skal bandleggjast ( pbl §20-4, 1.4 ledd).....	33
2.1.7	Viktige ledd i kommunikasjonssystemet (pbl § 20-4,1. 6. ledd).....	34
2.1.8	Byggjeforbod langs vassdrag (pbl §20-4,2. ledd f).....	35
<b>2.2</b>	<b>SJØAREAL.....</b>	<b>36</b>
2.2.1	Særskilt bruk av sjø og vassdrag (pbl § 20-4, 1.4 ledd).....	36
2.2.2	Mål.....	36
2.2.3	Utviklingstrekk og utfordringar.....	37
2.2.4	Havbruk.....	37

2.2.5	Fiske.....	39
2.2.6	Naturvern. ....	40
2.2.7	Sikringssoner, tiltaks-soner og munningsfreding.....	41
<b>2.3</b>	<b>RETNINGSLINER, MÅL OG FORSKRIFTER.....</b>	<b>42</b>
2.3.1	Retningslinjer til kommuneplanen. ....	42
2.3.2	Kommunale energistrategiar, .....	44
2.3.3	Forskrift om 0-konsesjonsgrense .....	45
2.3.4	Fredrikstaderklæringa, .....	45
<b>2.4</b>	<b>NY AREALBRUK I KOMMUNEPLANEN 2003-2014.....</b>	<b>46</b>
<b>2.5</b>	<b>BEREDSKAP I KOMMUNEPLANEN.....</b>	<b>48</b>
<b>3</b>	<b>PLANVERKTY I OSTERØY KOMMUNE.....</b>	<b>52</b>

# 1 TEKSTDEL

## 1.1 INNLEIING

### 1.1.1 Lovgrunnlaget.

Plan – og bygningslova (pbl) er grunnlaget for kommuneplanlegginga. Lova seier i § 20-1 at kommunane skal laga ein samla plan for verksemda der siktemålet er å samordna den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga innafor sine område.

Kommuneplanen skal innehalde:

- langsiktig del med arealdel for forvaltning av areal og naturressursar
- kortsiktig del med handlingsprogram

Langsiktig del har ein normalt ein tidshorisont på 12 år. Ein del sider ved planen som retningsliner for arealbruk og infrastruktur må ha lengre tidsperspektiv.

Kommuneplanen sin arealdel er rettsleg bindande.

Minst ein gong i kvar valperiode skal heradsstyret vurdere kommuneplanen samla og om naudsynt gjera endringar.

### 1.1.2 Plan

Osterøy heradsstyre vedtok 28.03.01 å rullera kommuneplanen med hovudvekt på:

- senterstrukturen
- bustadreising
- kommunikasjonar
- barn og unge

Andre viktige satsingsområde har ikkje fått rullert sine mål og strategiar i denne runden. Dels skuldast dette at langsiktige planar for områda er i godt gjenge, dels at ei parallell rulling i tid ville krevje ein svært omfattande planprosess.

Kommuneplanen er den overordna planen for Osterøy. Kommuneplan og økonomiplan gjev saman med statlege føringar og retningsliner rammer for underordna planar og handlingsprogram. Måla i planen skal vera bindeledd til arbeidet med delmål og tiltak i planar og handlingsprogram.

Kommunedelplan for kystsona 1996-2007 er integrert i kommuneplanen.

Planen er utarbeidd av administrasjonen med det faste utval for plansaker som styringsgruppe.

### 1.1.3 Planprosess

Planfase	Organ/aktør	Tid
Vedtak om rullering	Heradsstyret	15.03.00
Hovudtema for rulleringa	Politisk leiargruppe	
Utarbeiding av oppstartsnotat	Norconsult/administrasjonen	Vinter 2001
Oppstart i medhald av pbl	Heradsstyret	28.03.01
Kunngjering av oppstart		Juni 2001
Førebels politiske signal - Samråd med stat og fylke	Heradsstyret – temamøte med fylkesmann og fylkeskommune	17.10.01
Medverknad og informasjon	Møter og synfaringar med lag og organisasjonar, næring, bygdemøter	Februar 2002- Oktober 2002
Temamøte	Formannskapet	28.08.02
Temamøte – dugnad	Heradsstyret	02.10.02
Samråd – regionalt nivå	Planforum fylkeskommunen	07.11.02
Tilråding om utlegging	Formannskapet	13.11.02
Vedtak om utlegging	Heradsstyret	20.11.02
Offentleg utlegging		20.12.02 - 1.2.03
	Formannskapet	04.06.03
	Heradsstyret	18.06.03 og 03.09.03
Vedteken plan	Heradsstyret	08.10.03
Kunngjering vedteken plan		30.04.04

Tab. 1: Planprosessen.

#### **Medverknad.**

Kommunen har gjennomført ein mobiliserande planprosess med møte og synfaringar med verksemdar, lag og privatpersonar. Det har vore halde 12 krinsmøte med eins dagsorden:

Emne	Ansvar
Innleiingar: velkomst, møtestruktur- og leiing, det lovmessige grunnlaget for møte, 4 hovudtema i rulleringa	Det faste utval for plansaker, ordførar og rådmann
Orienteringar: kartpresentasjon – utbygging og nye innspel, differensiert arealforvalting, kommunalteknikk, oppvekst- og kultur, pleie- og omsorg, sosial og barnevern	Administrasjonen
Krinsen presenterer seg: prosjekt og planar, debatt	Grendaråd

Tab. 2: Medverknad.

Det møtte 304 innbyggjarar. Medlemmer av grendaråd, folkevalde og administrasjonen kjem i tillegg. Referat frå møta har følgd saka.

Skriftlege merknader / høyringsingspart	Oppstartsvedtak – 48 stk.	Planframlegg - 32 stk.
Offentlege etatar og institusjonar	3	13
Friviljuge organisasjonar	5	1
Grendaråd	7	2
Næringsorganisasjonar	5	3
Næringsverksemdar	7	2
Privatpersonar	21	11

Tab.3 : Skriftlege merknader til kommuneplanen.

Medan innlegg på dei opne møta femna vidt, var bustad – og næringsareal hovudsak i dei skriftlege merknadene.

Osterøy kommune mottok 97 merknader i samband med høyringane. Til oppstartsvedtaket kom det 26 innspel frå privatpersonar, nokre i samlesøknader. 24 av dei er grunneigarar som ynskjer omdisponering til bustadføremål. Sju verksemdar søker om næringsareal. Dei fleste er og med i Industrilaget sitt Prosjekt Næringsareal. Eitt grendaråd presenterte konkrete søknader om bustadareal frå grunneigarar i krinsen, andre kom med generelle ynske om bustadfelt.

Av 32 merknader til planframlegget handla mange om bustad – og næringsareal, dels protestar på ny arealbruk, dels klage på at eigne innspel ikkje vart imøtekomne. Det kom fleire nye framlegg til utbyggingsføremål. Andre tema er kommunikasjonar, infrastruktur og breiband. Kultur og fritid er hovudtema i tre merknader, og vert kort nemnd i nokre andre.

## 1.2 YTRE PLANFØRESETNADER

### 1.2.1 Statlege føringar.

Nasjonale mål for kommuneplanlegginga kjem til uttrykk gjennom stortingsmeldingar, nasjonale planar og rikspolitiske retningslinjer ( RPR):

St. meld. nr. 31 ( 1992-93) " Den regionale planlegging og arealpolitikken "

Overordna mål:

- syta for effektiv utnytting av ressursane og leggja til rette for økonomisk vekst
- sikra helse, trivsel, tryggleik og gode levekår
- ta vare på naturen og produksjonsgrunnlaget
- sikra landskaps- og kulturminneverdiar og leggja til rette for rekreasjon
- redusera ureinande utslepp inklusive støy

Hovudprinsipp for arealpolitikken:

- arealøkonomisering, fleirbruk , samlokalisering, samla og minimalisera naturinngrep
- tilpassing og omstrukturering av transportsystemet
- tilpassa busetnaden til omgjevnadene

Følgjande RPR er styrande for lokal planlegging:

- RPR for samordna areal –og transportplanlegging
- RPR for å styrka barn og unge sine interesser i planlegging og sakshandsaming etter pbl

### 1.2.2 Fylkeskommunale føringar.

Fylkesplanen er ein felles og samordna plan for fylkeskommune og statlege styringsorgan på fylkesnivå. Målsettinga er å utvikla ein felles strategi for kommunane og fylket med utgangspunkt i nasjonale føringar. Dette gjeld særleg areal- og naturressursforvaltning, næringsarbeid og sysselsetting samt miljøverknader som fylgje av ulike tiltak.

Fylkesplanen trekkjer opp mål, strategiar og samhandlingstiltak innan sektorane. Det er utarbeidd fylkesdelplanar for kystsona, kulturminne og kulturmiljø m.v.

## 1.3 VISJON, MÅL OG STRATEGIAR

### 1.3.1 Visjon for Osterøy kommune.

- Osterøy skal vera ein god kommune å veksa opp i der innbyggjarane i alle livsfasar vert sikra høg livskvalitet og gode bumiljø
- Osterøy kommune skal ta vare på og vidareutvikla sin særprega nærings- og busetnadsstruktur
- Osterøy skal vera ein føregangskommune når det gjeld tenesteyting, økonomisk forvaltning og kommunikasjon i ein desentralisert struktur.

### 1.3.2 Prioriterte område knytt til fire plantema og økonomi.

#### **1.3.2.1 Senterstruktur.**

1. Framhald og vidareutvikling av eksisterande senterstruktur med Lonevåg som kommunesenter og områdesentra Haus, Valestrand og Fotlandsvåg. Arbeida for god og rasjonell utnytting av eksisterande infrastruktur i tilknytning til senterstrukturen.
2. Gjennomføra areal- og tettstadanalyse for vidareutvikling av kommunesenteret Lonevåg med vekt på bustadreising, næringsutvikling, offentleg og privat tenesteyting og trafikkmønster.
3. Offentlege tenestetilbod skal i all hovudsak leggjast til kommune- og områdesentra.
4. I samband med vidare utvikling og utbygging av tettstadene i kommunen skal ein i størst mogeleg grad søkja å utnytt eksisterande infrastruktur og søkja effektive løysingar for å samordna arealbruk og transportløyningar.
5. Kommunedelplan for Hauge skal ha som utgangspunkt: tilrettelegging for trafikknutepunkt, sjukeheimsutbygging etter vedteken plan, gode utvidingsmoglegheiter for næringslivet, moderat utbygging av bustader og privat tenesteyting og tilgang på barnehageplassar i nærmiljøet.

#### **1.3.2.2 Bustadreising.**

1. Kommunen skal arbeida for gode og stimulerande bumiljø for folk i alle livsfasar.
2. Gjennom arealplanlegginga skal kommunen stimulera til auka differensiering i bustadmarknaden med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve.
3. Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til eksisterande tettstader.
4. Kommunen skal i utgangspunktet leggja til rette for folketalsauke på 0.5% noko som vil gje trong for 30 nye bustader årleg.
5. Kommunen skal utarbeida bustadsosial handlingsplan. Dette vil inngå i grunnlaget for eit bustadprogram som skal rullerast årleg.

#### **1.3.2.3 Kommunikasjonar.**

1. Osterøy skal ha eit tenleg vegnett som knyter kommunen saman til eitt bu- og arbeidsområde til beste for innbyggjarar og næringsliv. Kommunesenteret skal vera tilgjengeleg for alle innbyggjarar og det skal vera mogeleg å dagpendla til arbeidsmarknaden i Bergensregionen.
2. Arbeida for oppgradering og standardheving på store delar av riks- og fylkesvegnettet i kommunen. Gradering av akseltrykk på kommunale vegar.
3. Det skal utarbeidast ein kommunedelplan for trafikk og samferdsle der trafikksikring vert ein sentral del.

4. Viktig nyanlegg er riksvegen Hauge –Lonevåg. Kommunedelplan for ny riksveg Hauge – Lonevåg er godkjent 20.06.01.
5. Kommunen skal arbeida for eit best mogeleg brukartilpassa kollektivtilbod.

#### **1.3.2.4 Barn og unge.**

1. Kommunen skal ha gode oppvekstvilkår for barn og unge med kultur- og fritidstilbod for alle aldersgrupper. Det frivillige organisasjonslivet vil ha ei sentral rolle med kommunen som samarbeidspart og støttespelar.
2. Musikk- og kulturskulen skal ha gode vilkår for utvikling i samarbeid med skular og barnehagar.
3. Kommunen har som mål å betra barnehagedekninga. Det skal avsetjast tomt til nye barnehagar på Hauge, Bruvik og i Lonevåg.
4. Ungdomsskulen må byggjast ut til naudsynt standard og kapasitet..
5. Kommunen skal arbeida aktivt for å oppretthalda og vidareutvikla vidaregåande skule.
6. Ungdomsrådet skal få reell innverknad på aktuelle saker, eigen økonomi og bli fast høyringsinstans i kommunale avgjerdsprosessar.
7. Kommunen skal ha førebyggjande tilbod innan barne- og ungdomspsykiatri. Tiltaka skal vera forankra i helsestasjon, skule- og barnehage og i barnevernet.

#### **1.3.2.5 Økonomi.**

1. Gjenvinna økonomisk handlefridom gjennom streng prioritering og fokus på fleksible, kostnadseffektive og brukartilpassa tenester innanfor gjevne økonomiske rammer.
2. Avgrensa investeringane og satse på auka nytte av eksisterande realkapital / investeringar.
3. Medverka til interkommunale ordningar der dette er til gunst både for kommuneøkonomi og kvalitet og omfang på det kommunale tenestetilbodet.

#### **1.3.3 Arealstrategiar.**

- prioritera bustadbygging i sentrumsområda
- utnytta eksisterande infrastruktur
- fortetting i eksisterande bustadområde
- ta omsyn til topografi og kulturlandskap og hindra nedbygging av LNF - område
- sikra høveleg næringsareal for eksisterande verksemder og for nyetableringar /utvidingar

Visjon, mål og arealstrategiar inngjekk i planframlegget, heradsstyrevedtak (HS) 076/02.

#### **1.3.4 Mål for beredskapsarbeidet.**

Osterøy heradsstyre etablerte 10.01.01 kommunal kriseleing og fastsette oppgåver, ansvar og fullmakt for denne. Heradsstyret vedtok overordna mål for beredskapsarbeidet, HS 066/01:

”

1. Kommunen skal gjerast minst mogeleg sårbar for uynskte hendingar. Kommunen skal likevel vere budd på å takla slike hendingar ved at private og offentlege verdier, innbyggjarar og verksemder vert minst mogeleg skadelidande, og normal drift raskast mogeleg kan koma i gang att.

Beredskapsmessige omsyn skal difor innarbeidast i alt planverk for arealbruk, investeringar, drift og vedlikehald i kommunen (BIS). Turvande tiltak med økonomiske konsekvensar skal integrerast i økonomiplanar og handlingsprogram med



årsbudsjett. Rapportering på måloppnåing innafor beredkapsområdet skal skje i samband med den ordinære løpande resultatrapporteringa til overordna politiske organ.

2. Kommunen skal i sitt beredkapsarbeid leggja vekt på aktivt og godt samarbeid med andre aktørar på statleg, fylkeskommunalt, regionalt og interkommunalt og privat nivå, herunder aktuelle lag og organisasjonar.
3. Kommunen skal vera mest mogleg open overfor media og innbyggjarar om sitt beredkapsarbeid, og dessutan vera særleg merksam på ålmenta og berørte personar sine behov for informasjon ved konkrete hendingar.
4. Risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) skal nyttast som verktøy i alt planarbeid for å avdekka behov og trong for tiltak for skadeførebygging og skadeavgrensing.
5. Kommunen skal til ei kvar tid ha turvande kompetanse kring beredkapsarbeid. Dette skal skje ved at leiarar og sentrale politikarar tek del i relevante opplæringsaktivitetar og seminar i kommunen og staten sin regi, deltaking i aktuelle fellesøvingar og kommuneøvingar og ved deltaking i andre samarbeidspartnarar sine beredkapsrelaterte opplæringsaktivitetar. Opplæringstiltaka skal innarbeidast i kommunen sine ordinære opplæringsplanar. ”

### **1.3.5 Kommunale energistrategiar.**

Osterøy har delteke i prosjektet Kommunale energistrategiar i Bergensområdet. Heradsstyret vedtok 28.02.01 hovudmål og strategiar, HS 014/01:

Hovudmål:

” Å redusera veksten i energibruken kommuneorganisasjon og kommune og stimulera til å auka den del av energibruken som er basert på fornybare og alternative energikjelder. ”

### **1.3.6 Føringar, retningsliner og forskrifter.**

#### **Fredrikstaderklæringa.**

Osterøy kommune har gjennom vedtak i utval personal og økonomi 01.03.00 slutta seg til Fredrikstadserklæringa om bærekraftig utvikling. Erklæringa skriv seg frå landskonferansen om lokalsamfunna sin innsats for bærekraftig utvikling 1998. Målet er ei samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar.

#### **Retningsliner for estetikk og byggeskikk.**

Hovudutval natur sette i 2000 ned eit utval med mandat å utarbeida framlegg til retningsliner for estetikk og byggeskikk til bruk i planlegging og sakshandsaming. Framlegg frå byggeskikkutvalet vart handsama og tilrådd i oktober 2002.

#### **Forskrift om 0-konsesjonsgrense.**

Heradsstyret vedtok 07.11.01 å søkja Landbruksdepartementet om å innføra 0-grenseforskrift i Osterøy, HS 082/01. Forskrifta vart fastsett 10.12.03 og gjort gjeldande frå 15. desember same år.

Målet med utvida konsesjonsplikt er å hindra oppkjøp av mindre landbrukseigedomar og bustadhus til fritidsbruk.

Vedlegg 1.3.5 og 1.3.6 er trykt i kap. 2.3.

## 1.4 LOKALE PLANFØRESETNADER

Viktige planføresetnader er utbyggingsmønster, areal, bustadreising, folketalsutvikling, næring og sysselsetting og tettstadutvikling.

### **1.4.1 Utbyggingsmønster og utviklingstrekk.**

Osterøy har eit desentralisert busetjingsmønster med mange bygder og mindre grender. Busetjinga har vore knytt til primærnæringane og er såleis jamt fordelt i dei einskilde bygdelag. Osterøy har 5 kyrkjer og eit tjuetals lokale kulturhus. Fram til 2003 hadde kommunen 12 skulekrinsar.

Osterøy har ein vedteken senterstruktur med Lonevåg som kommunesenter og områdesentra Fotlandsvåg, Haus og Valestrand. Framhald og vidareutvikling av eksisterande senterstruktur er eit overordna mål i kommuneplanen.

Nye kommunikasjonar har skapt endra trafikk-mønster og utfordringar. I 1997 fekk Osterøy brusamband til Bergen. Hannisdalslina, som vart opna i 2002, gjorde Hauge til trafikk-knutepunkt. Reguleringsplan for ny riksveg Hauge –Lonevåg vart godkjend i 2003.

Førre kommuneplan la til rette for næring og bustadbygging på Hauge. Det er planlagt for 200-300 bustader på Loftås og sentralt på Hauge. Ny sjukeheim vart opna i 2004. Når parsellen Hauge – Lonevåg er ferdigstilt, kan aksene Valestrand – Hauge –Lonevåg koma til å bli drivkraft i nærings – og busetnadutviklinga i kommunen.

Kommunedelplan for Hauge vart starta opp samstundes med kommuneplanen 2003-2014. Planframlegg vart lagt ut til offentleg ettersyn i juni 2004.

### **1.4.2 Bustadareal.**

Vedteke mål for bustadreising seier at kommunen skal leggja til rette for auke i folketallet på 0,5 %. Pårekna behov er 30 nye bustader årleg og 360 bustader i planperioden på 12 år.

Mål for tilrettelegging av bustadareal:

- det skal vere tomter tilgjengeleg i alle sentrumsområde
- det skal opnast for spreidd busetnad for å oppretthalda landbruk og distrikt
- unngå nedbygging av viktige jordbruks-, friluft- og naturområde
- det skal takast omsyn til topografi

Her fylgjer gjennomgang av bustadareal i kommuneplanen som grunnlag for vurdering av arealreservar.

I juni 2004 var det i Osterøy 39 godkjende reguleringsplanar, 2 bebyggelsesplanar og fleire planar under arbeid. Hauge og Rivenes –Sundland er unnateke frå rettsverknad i påvente av ferdigstilte kommunedelplanar. Areal i desse to planane er likevel teke med i dette oversynet. I tillegg kjem uregulert bustadareal frå tidlegare planrevisjonar.

Første type er ubebygde tomter i regulerte felt og i LNF- område der spreidd busetnad er tillate, (LNF-2 område) Tabell 2 byggjer på kommunen si registrering i april 2002.

Krins	Regulerte felt	LNF-2 område	Krins	Regulerte felt	NF-2 områder
Bruvik	1	15	Hjellvik		25
Bysheim	3	18	Hosanger	9	10
Fotlandsvåg	10	10	Lonevåg	52	
Hamre	66		Seljerind	5	
Hauge	3		Tysse	22	2
Haus	14		Valestrand	35	5
Sum: Ubebygde tomter i regulerte felt og LNF-2 område 305 tomter.					

Tab. 4 : Ubebygde tomter. Kjelde: Osterøy kommune 2002.

Tabell 5 syner kapasiteten i godkjende reguleringsplanar, planar med oppstartsvedtak og nytt areal i kommuneplanen.

Krins	Godkjende reguleringsplanar	Planar med vedtak om oppstart	Nytt bustadareal i kommuneplanen
Bruvik		Bruvik aust – 238 daa	Stokkeneset – LNF 2-område (64,1 daa) 6 tomter
Bysheim			Bysheimskleivane – 56,5 daa
Hauge	Loftås – 257 daa, av dette 131 daa bustadareal 1)	Dalen – 7,5 daa Hauge- 3 felt med i alt 34,2 daa	Vevle 16,4 daa- fortetting
Haus		Nedre Mjelde –231 daa 2) Nedre Vikne- 42 daa Rivenes –Sundland 262 daa 3)	
Hjellvik		Hjellvik – 53 daa	
Hosanger			Gjesvollane –29,5 daa Hoshovde – 30 daa
Lonevåg	Hoggje –14,5 daa Dalabakken – 7,5 daa		
Seljerind			Krossåsen – 22 daa
Valestrand	Fossåsen –82,6 daa.	Kaltræhaugane- 9 daa	Reigstad – 3,3 daa Rundhovde – 5,5 daa
<b>Sum</b>	<b>361,6 daa</b>	<b>645,7 daa</b>	<b>163,2 daa</b>
Sum: Areal i planar og nye bustadområde 1170, 5 daa og 6 tomter.			

Tab. 5: Kapasitet i plana. Kjelde: Osterøy kommune 2004.

Kommentar:

- 1) Reguleringsplan for Loftås Tomtefelt er under klagesakshandsaming juni 2004.)
- 2) Heradsstyret vedtok 17.12.03 stans i regulering av Nedre Mjelde i påvente av avklaring av Rivenes- Sundland.
- 3) For kommunedelplan Rivenes-Sundland er fastsett førebels plangrenser og areal. Når det gjeld arealsituasjonen i Haus, er det her føresett val mellom Nedre Mjelde og Rivenes-Sundland. Nedre Mjelde er lista opp, men arealet er ikkje rekna med i samandraget.

Tabell 6 viser bustadareal uregulert bustadareal frå tidlegare kommuneplanar.

Krins	Stad	Areal
Haus	Åsheimfeltet	141,1 daa
Lonevåg	Vassverket	88,6 daa
Lonevåg	Fugledalen	61 daa
Valestrand	Rundhovde	101,4 daa
Fotlandsvåg	Hanstveit 2	97,8 daa
Fotlandsvåg	Bernes	14,9 daa
Sum		504,8 daa
<b>Sum: Uregulert bustadareal i tidlegare kommuneplanar 504,8 daa.</b>		

Tab. 6: Kapasitet i uregulert bustadareal. Kjelde: Osterøy kommune 2004.

Samandrag:

- kommuneplanen sin arealdel viser at det innafor nye utbyggingsområde, areal under planlegging og ferdig regulerede felt er 311 ubebygde tomter og 1675 dekar bustadareal. I tillegg vil det alltid koma til eit visst tal einskildtomter i tun og andre plassar.
- den geografiske variasjonen er stor. Bygdene langs Sørfjorden, og særleg Haus har i lengre tid hatt knapt med tomteland, medan krinsar som Hamre og Tysse har store tomtereservar.

Kva som vert realisert av dette og når, er uvisst.

Eit første atterhald er manglande opplysningar om ferdigstilte bustader mellom teljinga i april 2002 og start av planperioden 1.1.2003. Tal vil gå fram av statistikken, men ikkje lokalisering.

Arealbehovet vil veksla med landskap, utnyttingsgrad og bustadtype.

Tempo og volum i bustadreising avheng av folketalsutvikling, marknaden og andre faktorar.

Spørsmålet her gjeld samla kapasitet i areal avsett til bustadføremål. Vurderinga vil måtte bli eit grovt overslag basert på ulike kategoriar som tomt, bustad, bustadeining/husvære og areal.

Reguleringsplanar og LNF-2 område har tal for tomter og / eller bueiningar. I eldre planar vil dette i regelen vera lik einebustader, nokre med utleigedel. Nyare planar viser større variasjon.

Ein annan variabel er tilhøvet mellom bustadareal og andre føremål i ein reguleringsplan t.d. friluftsområde. Her kan variasjonane vera store. Dette vil bli vist gjennom to alternativ: det første er bustadstruktur med 75, 5 % einebustader og 30 bustader årleg, det andre er bustadstrukturen i Osterøy 2001 med 92,2 % einebustader, jf. tab. 10 s. 20. Utrekninga byggjer på rettleiar til plan - og bygningslova ” Grad av utnytting”, Miljøverndepartementet 1997. Omgrepet areal omfattar her alle arealføremål.

Dersom ein skal vurdere arealbehovet i planperioden 2003-2014 med utgangspunkt i 30 nye bustader årleg og føreset 75 % einebustader, 15 % rekkjehus og 10 % blokk, andre typar, vil det gå med om lag 369 daa i 12-årsperioden.

Bustadtype	Bustad pr. daa	Areal
75 % Einebustader	270 : 0,8 daa	337,5 daa
15% Rekkjehus	54 : 2,3 daa	24,5 daa
10 % Blokk, andre	36 : 5 daa	7,2 daa
Sum	360 bustader	369,2 daa

Tab.7 : Bustadtype og areal. Kjelde: Osterøy kommune 2004.

Med utgangspunkt i bustadstrukturen i Osterøy 2001: 92,2 % einebustader, 5,4 % rekkjehus og blokk, andre 2,4%, vert arealbehovet 425,3 daa.

Dersom ein ser kommunen under eitt, vil avsett bustadareal i kommuneplanen 2003 – 2014 kunne dekkja behovet i fire gonger, eller vara til om lag 2050. Likevel er det naturleg å ha ein større arealreserve enn det som går med til pårekna behov for tretti bustader årleg. Arealplanlegging må for det første vera langsiktig. Dernest er arealreservane i Osterøy svært ulikt fordelt geografisk. Ein må og rekna med at noko tomteland vil falla frå i denne perioden av ymse grunnar.

Kommunen har ei erklært målsetting om at det skal finnast ledige tomter i alle krinsar. Dersom planane for Bruvik og Haus vert realisert, vil desse krinsane få dekt sine behov for bustadareal og alle krinsar ha dekning i planperioden 2003-2014.

Tre nyleg godkjende reguleringsplanar syner utviklingstrekk i bustadtype og storleik. To regulerte område i Lonevåg, Hoggje og Dalabakken med samla areal 22 daa, vil gje eit trettital husvære og dekkja kommunen sitt samla behov for nye bustader i eitt år.

Reguleringsplan for Fossåsen, Valestrand inneheld 29 einebustader, ein del med høve til utleigebustad, rekkjehus med fire bueiningar og eit terrassehus. Dette feltet vil kunne dekkja behovet for nybygg i Valestrand krins til langt ut i planperioden.

### **1.4.3 Næringsareal.**

Mål for tilrettelegging av næringsareal:

- verksemder skal kunna ha tilgang på tenleg areal til nyetablering og utviding
- ein må utnytta eksisterande tekniske anlegg så langt det er mogeleg

Det desentraliserte mønsteret gjeld og næringslivet. Store delar av handverks - og industrimiljøet har på 1900-talet utvikla seg gradvis frå bygdehandverk til industriverksemder. I denne rulleringa har tilleggsareal til eksisterande verksemder vore eit hovudtema, men det har og vore etterspurnad etter areal med sentralt lokalisering.

Nytt næringsareal i planen:

- fem verksemder på Raudberget, Lonevåg, Valestrand og Mjeldalen har fått utvida sitt areal
- det er avsett to nye område i Lonevåg med samla areal 31,7 daa.

Kommuneplanen 2003-2014 har resultert i to nye areal som i utgangspunktet ikkje var knytt opp til eksisterande verksemder.

I framlegg til kommunedelplan Hauge inngår tre næringsområde med samla areal 130 daa.

Store næringsareal som skriv seg frå tidlegare kommuneplanar er ikkje tekne i bruk, på Hauge, Fotlandsvåg og Heldal. Områda er ikkje regulerte. Det største, Heldal på 180 daa, manglar infrastruktur. Næringsareal Stokkeneset frå førre kommuneplan, er på grunn av manglande interesse omdisponert til LNF-område.

Det ligg ikkje føre samla oversikt over ledig næringsareal eller næringsbygg som ikkje er i bruk. Kartlegging av unyttta ressursar og framtidige behov er ei oppgåve som står for tur.

### 1.4.4 Folketalsutvikling

#### **Kommunale mål for folketalsutvikling:**

Kommuneplanen 1997- 2007 hadde som mål ein årleg auke på 1%:

*” Me legg til rette for naturleg folketilvekst, men skal samstundes ha ei aktiv rolle i å møta regionen sine behov.”*

Dette vart ikkje innfridd.

Målet i kommuneplanen 2003-2014 er å leggja til rette for auke på 0,5 %. Folkeauken første år i planperioden var 0,5 %, 34 personar.

Utvikling i folkesetnaden avheng av to hovudfaktorar: naturleg tilvekst og flytting.

#### **Folketalsutvikling heile kommunen.**

Frå 1970 til 2004 auka folketalet med 1514 personar, dvs. 26,8 %. Frå 1984 flata veksten ut. Etter ein nedgang i 2000, har det vore ei jamn stigning.

#### **Utvikling i folketal i perioden 1970 - 2004**




Fig. 1: Folke-og bustadteljing 2001/SSB

#### **Folketalsutvikling i krinsane.**

Stor innflytting på 1970-talet førte til sterk auke i folketalet nær ferjestadene Haus og Valestrand og på Hamre. Dei største krinsane hadde ikkje særleg vekst i åra 1985-2000, den vesle auken som har vore kom på Valestrand, Haus og Lonevåg. Folketalet i dei minste grendene gjekk ikkje attende i særleg grad, noko som skal vera eit særmerkt for Osterøy. Biletet endra seg på 90-talet. Valestrandområdet fekk nedgang, medan Bysheim -Lonevåg – Seljerind hadde ein mindre auke. På Hauge har veksten flata ut. Haus har hatt ein mindre tilbakegang.




Fig. 2: Norconsult 2001.

Folketalsutvikling opptaksområde 2001-2004:




Fig.3 :Kjelde: SSB.

Inndelinga i fig. 3 fylgjer opptaksområde for skular i Osterøy, som vart fastsett i 2003. Fotlandsvåg omfattar Tysse og Mjøsdaalen. I Lonevåg inngår Bysheim, Fitje og Seljerind.

Krinsar med auke 2001 –2004: Bruvik (399-425) 6,52 %, Lonevåg (1639-1711) 4,39 %, Hauge (558-576) 3,23 %, Hamre (317-327) 3,15 %, Haus (1179-1202) 1,95% ,Valestrand (1232-1243) 0.89%.

Krinsar med nedgang: Hjellvik ( 416 -399) ÷4.09%, Fotlandsvåg (1300-1261) ÷3%.

Brua har til no ikkje gjeve nokon merkbar endring på flyttestraumane.

### Alderssamansetjing.

**Folketal og alderssamansetjing 1.1.98 - 1.1.2004:**

Aldersgr./ Telledato	1.1.98	1.1.99	1.1.00	1.1.01	1.1.02	1.1.03	1.1.04
0-5 år	631	648	604	618	595	595	576
6-15 år	1 091	1 095	1 110	1 125	1 140	1 133	1 150
16-66 år	4 288	4 294	4 283	4 314	4 378	4 417	4 449
67-79 år	659	636	615	619	608	598	599
80-89 år	299	310	324	314	314	322	319
over 90 år	53	65	70	73	69	75	81
Innb. i alt	7 021	7 048	7 006	7 063	7 104	7 140	7 174

Tab. 8: Folketal og alderssamansetjing 1998-2004/SSB

Folketal etter alder, i prosent 2001. Kommunen, fylket og landet.




Fig. 4 : Folketal etter alder 2001. Kjelde: Folke - og bustadteljing 2001/SSB

### Særtrekk ved befolkninga:

- Gruppa 0-5 år har gått ned med 8,7 % i perioden 1998-2004. Barnetala er likevel relativt høge, særleg årsklassane 6-15.
- Færre innbyggjarar i gruppa 20-39 år samanlikna med fylke og land. Underskot i denne gruppa vil omfatta personar under høgare utdanning og nyleg etablerte.



- Relativt stort fødselsoverskot.
- Litt færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder enn elles i fylket og i landet.
- Noko fleire eldre over 80 år og dobbelt så mange over 90 år som snittet i land og fylke.
- Kvinneunderskot i aldersgruppene 25-49 år, og særleg gruppa 25-90 år. Dette går fram av befolkningspyramidane fig.6 –8.

### **Inn - og utflytting.**

Osterøy hadde, med unntak av 1981, ein periode med netto tilflytting frå tidleg –70 tal til og med 1983. Så snudde flyttestraumane. Med unntak av 1987 hadde kommunen netto utflytting til og med 1999. Etter 1999 har ein hatt ei netto tilflytting. (2001:24 stk, 2002:8 stk, 2003:7 stk). Det har i heile perioden vore eit fødselsoverskot.




Fig. 5 : Netto innflytting etter fødselsoverskot 1980-2003. Kjelde: Folke- og bustadsteljing 2001 / SSB

Storparten av utflyttarane 1995-1999 er i gruppa yngre, yrkesaktive. Årleg netto utflytting i perioden var i snitt ca 30 personar. Netto innflytting har berre vore registrert i gruppene 30 – 39 år og 0-15 år, i hovudsak barnefamiljar.

### Samandrag:

- Auke første i perioden frå 1970 var eit resultat av innflytting og positivt fødselsoverskot
- Utflatinga tidleg på 80-talet er eit resultat av redusert netto tilflytting
- Fram til år 2000 har fødselsoverskotet halde seg på eit nivå som framleis har gjeve vekst i folketalet
- Dei siste åra har ein og hatt netto innflytting

## Prognosar for folketalsutvikling.

Befolkningspyramidane viser folkemengd, etter kjønn og alder. Heile landet og kommunen. Den første gjeld folketal 1.1. 2002, dei siste to er prognosar for 2010 og 2020.

### 1. Folketal 2002. 1.1. - 7 104 innbyggjarar.




Fig. 6 :Folkemengd etter kjønn og alder 2001. Kjelde: SSB

### 2. Prognose folketal 2010 - 7 061 innbyggjarar.




Fig. 7 :Prognose 2010. Kjelde: SSB

### 3. Prognose folketal 2020 - 7 245 innbyggjarar.




Fig. 8 :Prognose 2020. Kjelde: SSB

Framskrivningar av folketal er ikkje absolutte sanningar, dei viser fleire alternativ.

Fylkesstatistikken for Hordaland 2002 har folketalsframskriving for kvar kommune. Utgangspunktet er informasjon om flyttestruktur, nettoflytting og lokale tilhøve for åra 1997-2001. For Osterøy sin del er det lagt til grunn ein moderat auke i folketalet på totalt 3,6 % i perioden, noko som ville gje 7252 innbyggjarar i 2010 og 7320 i 2015.

SSB sine befolkningspyramidar er basert på alternativet ”middels vekst.”  
Prognosar for 2010: 7061 innbyggjarar og 2020 :7245.

Kommunen sitt mål for folketalsutvikling om årleg auke 0,5 % ville gje 400 personar i planperioden 2003 –2014 og 7 581 innbyggjarar 1.1.2015.

SSB si teljinga 1.4.2004 viser 7197 innbyggjarar, dvs. 48 personar under prognosen for 2020.

Befolkningspyramidane understrekar dei demografiske særtrekka i Osterøy:  
Kommunen har ei ung befolkning med større del barn- og unge 0-19 år enn landsnittet, underskot på innbyggjarar i arbeidsfør alder , særleg kvinner i årsklassane 29-60 år og fleire eldre enn elles i landet.

#### 1.4.5 Bustadreising

Mål for bustadreising:

- arbeida for gode og stimulerande bumiljø for folk i alle livsfasar
- kommunen skal gjennom arealplanlegginga stimulera til auka differensiering i bustadmarknaden med omsyn til storlik, pris og eigedomstilhøve.
- utarbeida bustadsosial handlingsplan. Denne skal inngå i grunnlaget for eit bustadprogram som skal rullerast årleg.

## Bustadbygging 1993-2001

	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	93-01 gj. Sn. årleg
Osterøy	28	24	25	32	18	52	14	29	30	28
Bergen	788	741	1022	847	1087	793	641	855	971	861
Fylket	1685	1613	1946	1805	2132	1955	1792	1899	2113	1882

Tab. 9 : Ferdigstilte bustader 1993-2001. Kjelde SSB

Tabell 9 syner at det i perioden 1993-2001 vart ferdigstilt 252 bustader i Osterøy, eit årleg snitt på 28. Etter store svingingar 97-99, ser årsproduksjonen ut til å ha stabilisert seg kring 30.

## Bustadstruktur

År	Bustader i tal/%	Type			Storleik			Alder
		Eine- bustad i %	Rekkje- hus i %	Blokk/ andre i %	1-2 rom	3-4 rom	5+ rom	Bygd før 1945
2001	Bustader i alt							
Osterøy	2667/100%	92,2 %	5,4 %	2,4 %	10,0 %	34,5 %	55,5 %	21,2 %
Hordaland	183971/100%	53,1 %	24,5 %	22,4 %	18,5 %	41,9 %	39,6 %	19,3 %
Landet	1 961 548/100%	57,1 %	20,9 %	22,0 %	18,2 %	42,1 %	39,7 %	19,5 %

Tab. 10 : Bustadstruktur 2001. Kjelde: Folke-og bustadteljing 2001/ SSB

Trekk ved samansetjing av bustadmassen i Osterøy samanlikna med fylke og land:

- stor del einebustader, også i høve andre delar av fylket utanom Bergen
- stor del bustader med 5 rom eller meir
- liten del bustader med 1-2rom.
- stor del eldre bustader, dvs. bygd før 1945

Følgjer av bustadstrukturen:

- ein einsarta bustadmasse kan føra til utflytting og hindre tilbakeflytting. Særleg vil mangel på mindre husvære føra til ein del bustadmotivert flytting
- nokre vert buande i husvære som er lite tenlege og funksjonelle, andre kjem ikkje inn på bustadmarknaden
- alderssamansetjing i bustadmassen vil krevja nybygg, tilbygg og fornying i etablerte bustadområde

Utviklingstrekk:

- tal ferdigstilte rekkjehus og mindre husvære har auka etter teljinga i 2001, men endringa er så langt ikkje talfesta
- i Osterøy vert det no planlagd for større variasjon i type og storleik

### 1.4.6 Bustadplanlegging.

Dei viktigaste faktorane som påverkar bustadmarknaden er:

- folkevekst
- endring i hushaldsstorleik
- reisevanar og flyttemønster
- bustadavgang

Bustadprognose basert på folketalsutvikling og flyttemønster vil bli eitt tema i bustadsosial handlingsplan. Her skal ein kort gå inn på hushaldsstorleik og bustadavgang:

### Hushaldsstorleik og familiestruktur.

Endring i tal personar i hushaldet er eit viktig utviklingstrekk og premis for bustadreising. At folkevekst i seg sjølv ikkje seier mykje om bustadbehov, går fram av tab. 12. som viser utvikling i folketal og bustadmasse i Osterøy 1990-2001.

	1990	2001	Faktisk % endring 1990-2001
Bustadmasse	2398	2667	111,2
Befolkning kommune	7008	7103	101,4
Hushaldsstorleik	2,92	2,66	

Tab. 11 : Endring i folketal og bustadmasse 1990-2001. Kjelde: Folke og bustadteljing 2001 / SSB

I perioden 1990-2001 auka folketalet med 95 personar og bustadtalet med 269. Samstundes fall tal personar i hushaldet med 0.26. Landsgjennomsnittet i 2001 var 2,30.

I 2001 var det 2667 privathushald i Osterøy: av dei 29,7 % einpersonhushald, 26,8 % hushald med 2 personar og 15,1 % med fem personar eller fleire.

Nasjonalt går utviklinga i retning fleire små hushald og særleg hushald med ein person i yngre og i eldre aldersgrupper.

**Bustadavgang** er bustader som går ut av bruk ved riving, omdisponering o.a. Avgangen vert rekna i % av gjennomsnittet av bustadmassen i 1990 og 2001. I Osterøy gjekk i gjennomsnitt 4 bustader ut av bruk årleg i perioden 1990-2001.

### Utfordringar i bustadplanlegginga:

Bustadplanlegging vil vera prega av uvisse. Endring i flyttestraumar gjer framskriving av folketal og bustadprognosar usikre. Konjunkturar og trendar kan svinga raskt. Bupreferansar er vanskeleg å måla, både når det gjeld type og stad. Dei fleste som ytrar seg er alt busette, men vil gjerne ha klåre meiningar om kvar i ein kommune, krins eller grend "folk" helst vil bu. Vidare er det i seinare år reist spørsmål ved i kva grad bustadmarknaden kan planleggjast.

Omgrepet bustadpolitikk omfattar arealdisponering, tomtepolitikk og tilhøvet mellom bustad og levekår. Kommunen har eit lovpålagt ansvar når det gjeld å hjelpa vanskelegstilte med bustad. Desse utfordringane vil bli drøfta i bustadsosial handlingsplan.

### 1.4.7 Fritidsbustader.

Det er ikkje avsett nye hytteområde i planen. Osterøy hadde i 2001 909 fritidsbustader og 34 ledige hyttetomter i regulerte felt.

Fritidsbustader har og interesse i bustadpolitikken, dei konkurrerer om areal og andre ressursar. I bynære strok vil det vera interesse for omgjering frå heilårsbustad til fritidsbustad.

Tabell 12 viser fritidsbustader i % av bustadmassen. I 2001 utgjorde fritidsbustader 33,6 % av bustadmassen. 110 av fritidsbustadene, dvs. 12,1 % er omgjort frå bustadhus.

Osterøy	I alt	Av dette omgjort frå bustadhus	% av bustader
		Tal	%
2001	909	110	12,1
			33,60 %

Tab. 12: Fritidsbustader 2001. Kjelde: Fylkesstatistikken 2002/GAB/NLH

Ifylgje registreringa i april 2002, vart 40 bustadhus og 72 våningshus på nedlagde gardsbruk nytta som fritidsbustader. Bruksendringa er ikkje tidfesta.

Målet med innføring av forskrift for 0 –konesjonsgrense er å hindra at bustadhus og gardshus vert omgjort til fritidsbustader. Knappt eitt år etter innføring av forskrifta er det for tidleg å spå om verknaden.

### **1.4.8 Næring og sysselsetting**

Etablering av rammer for næringsutviklinga vil ha mykje å seia for framtidig økonomisk og samfunnsmessig utvikling i kommunen. Det er viktig å sikra føresetnader for eit konkurranse -dyktig lokalt næringsliv samt tilgang på kvalifisert arbeidskraft og arbeidsplassar i kommunen.

#### **Sysselsette med bustad i kommunen etter næring, avtala / vanleg arbeidstid per veke.**

Okt/nov – 2001	Landet	Hordaland	Hordaland, ekskl. Bergen	Osterøy
Jordbruk, skogbruk og fiske	3,70 %	2,60 %	4,83 %	4,70 %
Industri, bergverk og oljeutv.	14,40 %	16,90 %	21,41 %	25,70 %
Bygg og anlegg, kraftfors.	7,40 %	7,50 %	9,17 %	11,90 %
Varehandel, hotell og restaurant	18,20 %	16,90 %	15,44 %	12,30 %
Transport og kommunikasjon.	7,30 %	7,60 %	7,49 %	9,00 %
Finans. og forretningsmessig tenesteyting, eigedomsdrift	12,40 %	11,90 %	7,59 %	4,60 %
Offentleg tenesteyting:	35,90 %	36,1		31,20 %
Av dette:				
Offentleg adm., forsvar og sosial forsikring		6,30 %	6,05 %	6,40 %
Undervising		8,40 %	7,70 %	6,00 %
Helse- og sosial tenester		17,70 %	17,08 %	16,10 %
Andre sosiale og personlege tenester		3,70 %	2,74 %	2,70 %
Ikkje oppgjeve	0,60 %	0,60 %	0,50 %	0,60 %
Arbeidspl. alt = 100 %	2 275 000	219 096	100,00 %	3 462

Tab.13 : Sysselsette med bustad i kommunen 2001. Kjelde: Folke – og bustadteljing 2001/ SSB

### **Næringsstruktur**

Etter ei teljing knytt til beredskap, var det i 2002 inkludert jordbruk og offentleg tenesteyting 637 næringsverksemdar i kommunen. Tal på små og mellomstore vert rekna til 300 - 400.

Tab.13 viser sysselsette med bustad i kommunen samanlikna med fylke og land. Arbeidsplassar i kommunen går fram av tab.15, høgre kolonne Arbeidstad kommunen.

Primærnæringane står for 5,9 % av arbeidsplassane. Dette ligg over landsgjennomsnittet ( 3,70 %), men under Hordaland utanom Bergen (4,83 %).

Havbruk er ei viktig næring med atten konsesjonar og foredlingsindustri.

Sysselsettinga i Osterøy er sterkt knytt til industriproduksjon som står for 26,9 % av arbeidsplassane. Verksemdene er etter måten små, mange med 10-20 tilsette. Lokalt eigarskap har vore det vanlege.

Offentleg sektor er med 36,6 % den største arbeidsgjevaren i kommunen. Dette er på nivå med gjennomsnittet i Hordaland.

Privat sektor i tenesteytande næringar er langt mindre enn elles i landet.

#### Utviklingstrekk:

Frå 1999 til 2001 gjekk primærnæringane (jordbruk, skogbruk og fiske) attende med 1,5 % . Industri, bergverk og oljeutvinning hadde 2 % nedgang. Offentleg tenesteyting auka i perioden med 6,1 %.

Eigarstrukturen har og endra seg. Ei stor produksjonsverksemd og seks matfiskkonsesjonar er selt ut av kommunen.

#### **Inn og utpendling**

Sysselsette med bustad i Osterøy		Arbeidsplassar i Osterøy	
	3 462		2 386
<u>Utpendling</u>		<u>Innpendling</u>	
Bergen	1 052 30,39 %	Bergen	181 7,59 %
Lindås	32 0,92 %	Vaksdal	13 0,54 %
Vaksdal	15 0,43 %	Lindås	9 0,38 %
Fitjar	12 0,35 %	Andre kommunar i fylket	46 1,93 %
Andre kommunar i fylket	62 1,79 %	Frå kommunar i andre fylke	21 0,88 %
Arbeidsstokk utanom fylket	174 5,03 %		
Av dette kontinentalsokkelen	43 1,24 %		
Sum	1 390 40,15 %	Sum	270 11,32 %
<b>Netto utpendling</b>		<b>1 120</b>	

Netto underskot på arbeidsplassar i kommunen 32,35 %

Tab.14 : *Innpendling og utpendling 2001. Kjelde: Folke- og bustadteljing 2001/SSB*

#### **Arbeidsplassdekning.**

”Arbeidsplassar i prosent av arbeidstakarar ” er eit uttrykk for arbeidsplassdekninga i kommunen. Tab.14 viser at det i 2001 var 3462 sysselsette med bustad i Osterøy. Tal arbeidsplassar var 2386. Kommunen hadde ei arbeidsplassdekning på 67,65 % eller eit netto underskot på arbeidsplassar på 32,35 %. Fylkesstatistikken viser at arbeidsplassdekninga har går ned frå 7,9 % i 1999.

#### **Pendling.**

Fylkesplanen definerer Osterøy som utpendlarkommune. Det vil seie at mindre enn 60 % av arbeidsstyrken er sysselsett i eigen kommune. Pendlingsmønsteret går fram av tab.14. I 2001 hadde Osterøy 30,39 % utpendling til Bergen og 7,59 % innpendling frå Bergen. Utpendlinga til Bergen har gått ned med 2,4 % frå 1998.

Tab.15 syner at utpendlinga er størst i bygg, anlegg og privat tenesteyting. Offentleg sektor har etterkvart fått ein stor del tilsette som ikkje er busette i kommunen. I 2001 var 43,7 % av innpendlarane offentleg tilsette. Dette mønsteret ser ein i svært liten grad i næringslivet.

### Sysselsette etter pendlarstatus, næring og utdanningsnivå. Prosent.

Sysselsette etter pendlarstatus, næring og utdanningsnivå 2001	Bustad i kommunen	Utpendlarar	Med bustad og arb.stad i kommunen.	Innpendlar -ar	Med arb. stad i kommunen, i alt
<b>I alt, tal</b>	<b>3 462</b>	<b>1 346</b>	<b>2 116</b>	<b>270</b>	<b>2 386</b>
<b>I alt, prosent</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>
<b>Næring</b>					
Jordbruk, skogbruk og fiske	4,7 %	2,1 %	6,3 %	2,6 %	5,9 %
Industri, bergverk og oljeutvinning	25,7 %	22,7 %	27,6 %	21,1 %	26,9 %
Bygg, anlegg og kraftforsyning	11,9 %	15,8 %	9,4 %	13,0 %	9,8 %
Varehandel, hotell og restaurant	12,3 %	17,8 %	8,8 %	10,7 %	9,1 %
Transport og kommunikasjon	9,0 %	8,3 %	9,4 %	6,3 %	9,1 %
Finansiell og forretningsmessig tenesteyting	4,7 %	9,0 %	1,9 %	2,2 %	1,9 %
Off. tenesteyting /adm., forsvar, helse, sosial og undervising.	31,2 %	24,1 %	35,7 %	43,7 %	36,6 %
Ikkje oppgjeve	0,6 %	0,2 %	0,8 %	0,4 %	0,8 %
<b>Utdanningsnivå</b>					
Grunnskule	16,3 %	12,0 %	19,0 %	10,0 %	18,0 %
Vidaregåande skule	68,7 %	72,8 %	66,2 %	50,0 %	64,3 %
Universitet og høgskule	14,3 %	14,5 %	14,2 %	36,7 %	16,7 %
Ikkje oppgjeve /inga fullført utdanning	0,7 %	0,7 %	0,7 %	3,3 %	1,0 %

Tab. 15: Sysselsette etter pendlarstatus, næring og utdanning.. Kjelde: Folke-og bustadteljing 2001./SSB

### Utdanningsnivå.

Utdanningsnivået i Osterøy har vore lågt samanlikna med andre Hordalandskommunar og landet. Dette vert gjerne forklart med næringsstrukturen, formell kompetanse har ikkje vore naudsynt for å få arbeid i lokale verksemder.

Utdanningsnivået til sysselsette med bustad i Osterøy går fram av tab.15, venstre kolonne Bustad i kommunen. Tab. 16 syner prosentdelen av innbyggjarar over 16 år som har høgaste utdanning på ulike nivå 2000. Her går det fram at innbyggjarane i Osterøy har tatt igjen gjennomsnittet i fylket og landet elles når det gjeld vidaregåande skule. Tab.16 viser at tal for høgare utdanning ligg vel 50 % under gjennomsnitt for land og fylke.

	Grunnskule	Vidaregåande skule	Universitet / Høgskule
Osterøy	27,8	60,5	10,8
Hordaland	20,2	56,0	22,0
Landet	21,5	55,0	21,3

Tab.16: Prosent av folketalet over 16 år etter høgare utdanning. Kjelde: Fylkesstatistikken 2002/SSB



## Varehandel

Varehandelen har liten omsetnad i høve til innbyggjartalet. Under halvparten av landsgjennomsnittet og lågare enn fylket utanom Bergen. Den store auken frå 1999 til 2000 heng truleg saman med nyetableringar i Lonevåg sentrum.

### Detaljhandel og reparasjon av varer 1999-2000 (i 1000 kr.)

Stad	1999		2000		1999-2000
	I alt 1000 kr	Per innb. kr	I alt	Per innb. kr.	Endr i % kr. per innb
Osterøy	145 714	20,7	163 252	23,1	11,8 %
Hordaland eksl. Bergen	7 137 850	34,9	7 543 614	36,7	5,1 %
Bergen	12 782 450	56,2	13 040 716	56,5	0,4 %
Landet	207 285 044	46,6	216 660 000	48,1	3,2 %

Tab. 17 : Detaljhandel m.v. 1999 – 2000 . Kjelde: Fylkesstatistikken 2002/SSB

Nærleik til Bergen fører til handelslekkasje, særleg i den meir spesialiserte del av næringa. Folkeauke kan i nokon grad gje grunnlag for fleire spesialbutikkar, men etablerte næringar vil truleg stå for stordelen av eventuell auke. Trass i lågt volum er næringa viktig som lokal tenesteytar og arbeidsplass.

Generelt går utviklinga i retning av større einingar, stordrift og geografisk konsentrasjon. Denne problemstillinga vil utfordre eksisterande strukturar i næringa og målet om å ivareta eit desentralisert busetnadsmønster.

### 1.4.9 Bygde- og tettstadutvikling.

#### Nasjonale mål.

Nasjonal politikk for samordna areal- og transportplanlegging oppmodar kommunane om å utvikla livskraftige senterområde og å styrka eksisterande transportknutepunkt. Målet er redusert transport, mindre utslepp av klimagassar og vern av jord og naturgrunnlaget.

Fylkesplan for Hordaland 2001-2004 har som mål :

*”Hordaland skal ha eit nett av livskraftige senter som skal medverke til å oppretthalde store trekk i busettingsmønsteret og styrkje lokal kultur og tilhøyrslse.”*

I retningslinene heiter det at eit kommunesenter skal vera ein lokaliseringsstad for arbeidsplassar, kommuneadministrasjonen, kommunedekkjande offentlege og private tenester og kulturtilbod. Utfordringa er å utvikla tettstadene til tettare og meir funksjonelle stader. Ved utvikling av det einskilde senter må ein ta omsyn til kva rolle det bør spele i høve til offentleg tenesteyting og handel. Det er ynskjeleg med eitt eintydig senter i kvar kommune. Det er ei utfordring å gjera tettstadene tettare og meir funksjonelle.

#### Kommunale mål.

Osterøy har ein vedteken senterstruktur med Lonevåg som kommunesenter og Haus, Valestrand og Fotlandsvåg som områdesenter.

I kommuneplanen 2003 – 2014 er det eit overordna mål å vidareutvikla vedteken senterstruktur.

For Lonevåg inneber dette vekt på bustadreising, næringsutvikling, offentleg og privat tenesteyting og trafikkmønster.

Offentlege tenestetilbod skal i hovudsak leggjast til kommune -og områdesentra.

I mål for senterstruktur heiter det at kommunedelplan Hauge skal leggja til rette for trafikk - knutepunkt, sjukeheimsutbygging, gode utvidingsmoglegheiter for næringslivet, moderat utbygging av bustader og privat tenesteyting og barnehageplassar i nærmiljøet.

### **Utfordringar.**

- aksene Valestrand – Hauge og Lonevåg kan koma til å få ei rolle som drivkraft i nærings-og busetnadsutviklinga. Hovudutfordringa blir å balansera den interne senterutviklinga.
- mange bygder er framleis knytt til lokale verksemder. Bygdene er i aukande grad buområde for pendlarar. Ei balansert utvikling mellom eksisterande bygdelag føreset m.a. utvikling av kommunen som eit samanhengande bu – og arbeidsområde, bustadareal i eksisterande tettstader og transporttilbod til pendlarar
- jordvern og det ytre miljø. Primærnæringsane i Osterøy har mykje å seia for struktur og stabilitet i busetnadsmonsteret. Bynære jordbruksareal har og verdi som del av grøntstruktur og rekreasjonsmarknad. Utfordringa er å leggja til rette for tettstadutvikling som ivaretek viktig jordbruksareal og samstundes stettar miljøkrav i kommunen sin tenesteproduksjon og infrastruktur.
- industritradisjonane i Osterøy har skapt levedyktig næringsstruktur og kultur for utvikling og fornying. Det må leggjast til rette for at etablerte næringer kan vidareutvikla eigen aktivitet, og for at nye verksemder kan dra veksjar på dei kunnskapar og ressursar som finst i kommunen.
- tettstadmønster som rammevilkår for næringslivet. Nokre kritiske faktorar er samferdsle, annan infrastruktur, arealtilgang og harmonisering av arealbehov med andre interesser.
- utviklinga i randen av storbyområdet gjer at kommunen vil måtte konkurrere med naboane om innbyggjarar så vel som arbeidsplassar. Osterøy må vera konkurransedyktig på tilbod og tenester. Naturopplevingar, fritid og rekreasjon vil bli etterspurt. Det er viktig å ta vare på barn og unge sine interesser, og då særleg i nærmiljøa.
- det er viktig at vidare utbygging tek omsyn til natur, - kultur –og miljøinteresser. Det vert samstundes ei utfordring for kommunen å gje lokalsamfunna ei betre fysisk utforming og struktur som tek vare på den historiske identiteten og dei estetiske kvalitetane.

## 1.5 OSTERØY I REGIONEN

Osterøy var frå 1870 til 1964 delt mellom kommunane Haus, Hamre, Hosanger og Bruvik. Dei tre første hadde kommunesenteret på Osterøy. I 1964 vart Osterøy kommune skipa med Lonevåg som kommunesenter.

Osterøy har etter kommunesamanslåinga søkt samarbeid i mange retningar.

Tiltakskontoret for Nordhordland vart i 1987 avløyst av Regionrådet for Nordhordland og Gulen med Osterøy som assosiert medlem. Her har kommunen delteke i samarbeid om bibliotekprosjekt og bokbuss, PPT, revisjon og kurstilbod for skule, helse og byggesak.

Osterøy har frå starten i 1989 vore ein av elleve medlemmer i Regionrådet for Bergen og Omland. Samarbeidet omfattar avfallshandtering gjennom BIR, mattilsyn, miljøretta helsevern og innkjøpsavtalar. Dei siste åra har kommunen delteke i fleire utviklingsprosjekt.

Osterfjorrådet vart skipa i 2001 som eit samarbeidsorgan mellom Modalen, Vaksdal og Osterøy. Utgangspunktet var eit mangeårig samarbeid om næring, reiseliv og vegplanlegging. Kommunane har hatt felles skogbruksressursar og reiselivslag. Kommunedelplan for fylkesveg Tysse –Kallestadsundet er eit samarbeid mellom Vaksdal, Osterøy og vegkontoret. Osterfjorrådet utgreidde i 2003 fellesskap om brannvern og felles landbrukskontor, men dette vart skrinlagt. Samarbeidet er no avgrensa til sal og kjøp av tenester. Osterøy leverer mat til institusjonar i Vaksdal og økonomitenester til Modalen.

### **1.5.1 Regionstrategiar.**

Norsk Institutt for by-og regionforskning laga i 2001 nydeling av Noreg i bu-service-og arbeidsmarknadsregionar ut frå data om pendling og reisetid. Osterøy inngår i Bergensregionen i lag med 12 omlandskommunar. Kommunegrensene ikkje er noko stengsel for innbyggjarane i regionen. Arbeids-, bustad-og serviceregionen blir i stadig større grad felles.

Ulike utviklingstrekk eller drivkrefter vil påverka utviklinga av Osterøysamfunnet fram mot 2014. Nokre trekk, som auken i gruppa eldre, er relativt sikre. Andre, som sysselsetting i eksportnæringar, er svært usikre. Statleg styringsfilosofi utgjer ei vedvarande utfordring for kommunane.

Spørsmålet er kva som kan planleggjast og kva lokale styresmakter kan gjera noko med?

- kommunen kan til ein viss grad påverka folketalsutviklinga gjennom å gjera seg attraktiv for tilflytting og / eller avgrensa utflytting. Systematisk tilrettelegging for variert bustadreising kan vera eitt middel, konkurransedyktige tenester eit anna.
- kommunen kan stimulera til utvikling av ny næringsverksemd gjennom tilrettelegging av areal i konkurranse med Bergensområdet.
- arbeida for eit gjennomføring av vedtekne vegplanar i samarbeid med vegkontoret.
- utnytta naturgjevne føresetnader.

Framtidig kommunestruktur vert drøfta gjennom KS-prosjektet ” Eit nytt Hordaland ?, Skisser for nye kommunegrenser i Hordaland.” Politisk leiargruppe er sakskomite. Heradsstyret vil gje innstilling våren 2005.

## 2 AREALBRUK

### Arealoversyn.

Osterøy har eit totalareal på 328 km<sup>2</sup>. Den nordlege delen høyrer til Vaksdal kommune.

Arealfordeling 2000:

Areal i km <sup>2</sup> samla	Areal etter høgd over havet, i %			Øyar i saltvatn	
	u. 300 m	3-600 m	6-900 m	Tal	Km
254,2 km <sup>2</sup>	66,3	28,5	5,1	10	254,2

Tab.18 : Arealfordeling 2000. Kjelde: Fylkesstatistikken 2002/SSB

Størstedelen av landbruk og busetnad ligg mindre enn 300 m over havet.

Arealbruk 2000:

	Tettstadareal		% av tettstadarealeet dekt av		Endring i tettstadareal 1999-2000	
	km <sup>2</sup>	% av landareal	Vegar	Bygningar	km <sup>2</sup>	%
Osterøy	2,4	1,0	17,9	5,4	0,6	32,0
Hordaland	204,2	1,4	16,5	7,9	7,0	3,5
Landet	2 138,7	0,7	15,4	7,6	54,6	2,6

Tab.19 : Arealbruk 2000. Kjelde: Fylkesstatistikken 2002.

Tettstad vert definert som: hussamling med meir enn 200 personar, normalt ikkje større avstand mellom husa enn 50 m.

Mykje av endringane i tettstadareal i Osterøy skuldast at Fotlandsvåg frå 2000 er rekna som tettstad. Osterøy ligg litt over snittet i Hordaland og landet når det gjeld tettstadareal dekt av vegar og langt under når det gjeld bygningar.

### Arealplan.

Kommuneplanen sin arealdel viser disponering av land -og sjøareal i samsvar med langsiktige mål. Plankart med føresegner viser planlagd arealbruk 2003 - 2014.

#### 2.1.1 Verknader av planen pbl § 20-6:

Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. Alle vedtekne regulerings- og bebyggelsesplanar i Osterøy skal gjelda framfor arealdelen til kommuneplanen.

#### **Avgrensing av rettsverknad pbl § 20-4, 2. ledd H:**

Kommuneplanen skal gjelda framfor reguleringsplanar for:

- Hamre - del av reguleringsplan som gjeld Klokkarneset. Endring frå kai-/vegområde til friområde.
- Lonevåg sentrum - del av reguleringsplan som gjeld indre del av Vågatjønn. Endring frå vatn til sentrumsområde.
- Hatland –del av reguleringsplan som gjeld endring frå LNF-område til næringsareal og offentlig føremål for område frå gardshus gnr. 14/7 til fabrikk gnr. 14/263.
- Haus sentrum – del av reguleringsplan når det gjeld lokalisering av småbåthamn.

Tre område er unnateke frå rettsverknad i påvente av planavklaring:

- kommunedelplan Hauge. Oppstartsvedtak 28.03.01. Planframlegg er lagt ut til offentleg ettersyn juni 2004.  
Innafor grenser for kommunedelplan Hauge er reguleringsplanar framleis gjeldande.
- kommunedelplan Rivenes – Sundland. Oppstart 03.09.03. Planområde med førebels grenser ca. 262 daa.
- del av Lonneset, Lonevåg. Planavklaring avheng av gjennomføring av reguleringsplan for riksveg Hauge – Lonevåg og tettstadanalyse Lonevåg. Reguleringsplan er godkjend 2003. Arbeid med tettstadanalyse Lonevåg er i gang.

På plankartet er det skilt mellom eksisterande og planlagt arealbruk. Planlagt arealbruk er i regelen knytt til eksisterande areal som utviding.

### **Føresegner og retningslinjer:**

Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk.

Retningslinene er rettleiande og kan ikkje brukast som heimelsgrunnlag for vedtak etter planen. Dei er politiske føringar som vert lagt til grunn i den praktiske sakshandsaminga.

Heradsstyret har vedteke retningslinjer for tre einskilde geografiske område, HS 041/03. Dei er teke inn i dette kapittelet, medan generelle retningslinjer for land- og sjøareal er samla i kap.2.3.

### **2.1.2 Byggjeområde (pbl § 20-4, 1.1.1 ledd)**

Areal til utbyggingsføremål er delt på desse kategoriane: bustadområde, senterområde, næringsverksemd, fritidsbusetnad, offentleg tenesteyting, ålmennyttige føremål, friområde og andre byggjeområde.

#### **Generelle føresegner som gjeld for alt areal til byggjeføremål:**

For område avsett til framtidig byggjeføremål kan det ikkje setjast i gang arbeid eller tiltak som er nemnd i lova § 81, 84, 86a, 86b og 93 samt frådeling til slike føremål før området går inn i regulerings- eller utbyggingsplan, jf. pbl § 20-4, 2. ledd a.

#### **Føresegner –rekkefølgekrav:**

Område der det alt er lagt ned kommunale grunnlagsinvesteringar skal prioriterast først, jf. pbl § 20-4, 2.ledd b.

Kommunen kan krevja at utbygging ikkje vert sett i gong før det er etablert kommunaltekniske anlegg, straum og trafikksikker tilkomst for køyrande/ syklande/ gåande.

I nye bustadfelt skal det opparbeidast nærleikeplass og ballplass i samsvar med normer for avstand til og talet på bustader. Leikeplassane med utstyr skal opparbeidast samstundes med tekniske anlegg i feltet. Mindre byggjefelt skal ha minimum ein nærleikeplass, jf. pbl § 20-4, 2. ledd b.

#### **Føresegner – leikeareal:**

Mindre byggjefelt skal ha minimum ein nærleikeplass, jf. pbl §20-4, 2.ledd b. Leikeareal og areal for uteaktivitetar skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspenteleidningar, riks-eller fylkesvegar, jf. pbl § 20-4, 2ledd d.

### **Førsegner – støy:**

Bakgrunnsstøy skal ha eit akseptabelt nivå, dvs. ikkje overstiga ekvivalentnivå 55 Db (A) for nye område.

### Nye bustadområde:

Gjesvollane, Hosanger	Hoshovde, g. 87/3 1)
Hoggje, Lonevåg	Dalabakken, Lonevåg
Hjellvik	Rundhovde, Valestrand 2)
Nedre Mjelde	

### Utviding /fortetting av eksisterande bustadområde:

Hoshovde	Bysheimskleivane
Gatland	Vevle,
Fossåsen, Valestrand	Krossåsen
Reigstad	Framegarden, Bruvik

For to bustadområde er det vedteke særskilte retningsliner:

Hoshovde 1).

*Den funksjonelle strandsona vert definert og innarbeidd i plan for bustadområde Hoshovde.*

Fylkesdelplan for kystsona definerer den funksjonelle strandsona som den sona som står i innbyrdes, direkte samspel med sjøen både økologiske, topografisk og /eller bruksmessig.

Rundhovde 2)

*Kulturanalyse for Valestrandsvågen vil bli utarbeidd som grunnlag for eventuelle endringar i arealbruken.*

### **Sentrumsområde**

Inste del av Vågatjønn i Lonevåg er i planen omgjort frå vatn til sentrumsområde.

Retningsline:

*Vidare utfylling i Vågatjønn skal skje på grunnlag av utarbeidd tettstadanalyse.*

### **Næringsareal**

Endringar i arealplanen gjeld i hovudsak mindre utvidingar av i eksisterande areal.

Utviding av eksisterande: Raudberget, Lone, Lonevåg, Valestrandfossen

To nye næringsareal er lagt ut: Husavatnet og Nyleite, Lonevåg.

### **Fritidsbustader**

Det er ikkje lagt ut nytt areal til fritidsbustader.

### **Offentlege bygningar / kommunaltekniske anlegg**

Det er sett av areal til barnehage i Lonevåg og Hauge og til barneskule på Krossåsen.

### **Friområde**

Friområde Bruvik er utvida.

### **Andre byggjeområde**

- skytebane austre Kleppe er omregulert frå friområde. Sikringszone er lagt til.
- Ny skytebane med sikringszone, Vik

### **2.1.3 Rammeplan for avkøyringar**

Føresegn:

Rammeplan for avkøyringar, vedteken i Hordaland fylkeskommune, 22.06.94, vert å leggja til grunn ved handsaming av avkøyringar til riks- og fylkesveggar.

### **2.1.4 Område for råstoffutvinning ( pbl § 20-4,1. 4 ledd)**

Førsegn:

For område avsett til råstoffutvinning kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnd i lova §§ 81,84, 86 b og 93 eller gjennomførast frådeling til slike føremål før området går inn i ein reguleringsplan, jf. pbl §20-4, 2. ledd a.

### **2.1.5 Landbruks-, natur- og friluftsområde (pbl § 20-4, 1.2 ledd)**

Det er sett opp kriterier for lokalisering og omfang av spreidd busetnad. Dei er utforma som føresegner til planen og heimla i plan- og bygningslova § 20-4, 2.ledd.

I tillegg er det utforma retningslinjer for handsaming av søknader om spreidd utbygging.

Landbruks-, natur- og friluftsområdet i kommunen er delt i to kategoriar: LNF-område der spreidd busetnad er forbode (LNF-1) og LNF-område der spreidd busetnad er tillate (LNF-2). Dei siste er i regelen knytt til eksisterande bygder.

#### **LNF- 1 område. Spreidd busetnad er forbode.**

Føresegner:

Innafor LNF-område er det forbod mot spreidd utbygging av bustader, fritidsbustader og ervervsbygningar. I dette området er det ikkje tillate med nyoppføringar eller vesentlege endringar av annan byggje- og anleggsverksemd enn den som har direkte tilknytning til landbruk / stadbunden næring, jf. pbl §20-6, 2.ledd.  
Landbruket sine byggjesaker innafor 100 m frå kjende og synlege fornminne skal sendast fylkeskommunen til fråsegn.

Tre område er tilbakeført til LNF-1: Bustadområde Husavatnet, LNF-2 område Hjellvik og område for masseuttak, Bernes.

For arealrekneskap sjå kap. 2.3

#### **LNF - 2 område. Spreidd busetnad er tillate.**

Føresegner:

Tal på einingar i planperioden skal først på plankartet.  
Bustadhus må plasserast minimum 100 m frå næraste driftsbygning.  
Alle tiltak nærare enn 100 m frå automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for fylkeskommunen til fråsegn.  
For LNF- område ved sjø vert det stilt krav om at den funksjonelle strandsona skal definerast og innarbeidast før frådeling.



LNF –2 område:

Område	Tal einingar	Område	Tal einingar
Bruvik midtre	8	Fjellskålnes	8
Vik	7	Heldal	10
Stokkeneset (Ny)	6	Hosanger, Øvsthus	10
Rundhovde, Skår	5	Kleppe vestre	8
Tepstad, Birkeland	5	Bernes	2
Raknes	10	Kleppe austre	2

Tab.20 : LNF-2 område med høgste tal einingar. Osterøy kommune.

Stokkeneset er nytt i denne planrevisjonen.

### **2.1.6 Område som er bandlagt eller skal bandleggjast ( pbl §20-4, 1.4 ledd).**

#### **Naturvern.**

Herlandsnesjane naturreservat er freda etter naturvernlova (1983) som unikt myrområde og biogenetisk reservat under den europeiske naturvernkonvensjonen. Areal 1400 daa, av dette er ca. 500 daa myrområde delt på typene grasmyr, lyngmyr og mosemyrer.

#### **Naturminne.**

Eit hagtorn-tre på Hekland, gnr.6, bnr. 2 vart i 1930 verna som naturminne av lokal interesse. Naturminnet er vist under Andre opplysingar. Dette vil bli korrigert i neste planrevisjon.

#### **Kulturmiljø.**

Garden Havrå ( 2000 daa), er freda etter § 20 i kulturminnelova (klm) under namnet Havrå kulturmiljø (1998). Føremålet er å ta vare på sjølvne tunet, innmark og utmark som kjelde til oppleving, kunnskap og forskning om levekår og driftsformer i det førindustrielle landbruket.

#### **Freda bygg og anlegg.**

Alle ståande bygningar på Havrå er freda etter klm § 20, men statusen deira varierar:

- Gulliksbuæ (1200-talet) og Tørkhuset ved bekken er automatisk freda.
- Norehuset og to saueflorar sør i tunet er freda etter klm § 15, både innvendig og utvendig.
- Øvrige bygningar er freda utvendig.

Hamre kyrkje er freda.

#### **Fornminne.**

Det er registrert 34 fornminne, automatisk freda kulturminne i Osterøy. Lista er sist oppdatert av fylkeskonservatoren 30.08.04 og nummerert etter Riksantikvaren sin nye serie.

#### Tidstavle:

Eldre steinalder	9000- 4000 år f. Kr	Folkevandringstid	400	-	550 e. f..
Yngre steinalder	4000- 1800 år f. Kr	Yngre jernalder	1030	-	1537 e.Kr
Bronsealder	1800 – 500 år f. Kr	Middelalder	1030	-	1537 e.Kr.
Eldre jernalder	500 f.Kr. –0 år f..Kr.				

Gnr/bnr	Stad	Type	Tid	Askeladden ID
85/14	Fjellskålnes	Haug	Jarnalder	55245-1
84/3	Fjellskål	Røys	Vikingtid	45495-1
84/11	Fjellskål	Røys	Vikingtid	6460-1
84/3	Fjellskål	Røys	Vikingtid	35909-1
132/1-2	Angelskår	Haug	Bronse-/jarnalder	45494-1
80/1	Bysheim	Kleberbrot	Jarnalder	66439-1
41/6	Mæle, <i>Kollhågjen</i>	Grav	Jarnalder/middelalder	6462-1
29/7	Gjerstad	Røys	Bronsealder/jarnalder	66440-1
29/7	Gjerstad	Langhaug	Bronsealder/jarnalder	15829-1
29/7	Gjerstad	Røys	Bronsealder/jarnalder	35910-1
29/9	Gjerstad	Haug	Jarnalder	15830-1
29/9	Gjerstad	Steinlegging	Jarnalder	45496-1
11/1	Greve, <i>Bjødnekletten</i>	Bygdeborg	Jarnalder	6461-1
7	Grimstad	Haug	Jarnalder	35911-1
129/1	Hamre	Røys	Jarnalder	45497-1
3,4/5	Hartveit	Haug	Jarnalder	66441-1
62/1	Haus, Leikneset	Langrøys	Jarnalder	60564-1
87/2	Hoshovden	Langrøys	Bronsealder/jarnalder	55246-1
87/4	Hoshovden	Røys	Bronsealder/jarnalder	60565-1
43/1-8	Rongved, <i>Monshellaren</i>	Kleberbrot		
13/4	Lone, <i>Tjødna</i>	2 nausttufter og 1 gravrøys	Yngre jarnalder	55248-1 til 3
15/3	Låstad, <i>Litlurda</i>	Langrøys	Jarnalder	15831-1
53/14	Mjelde, <i>Gråthågjen</i>	Røys	Bronsealder/jarnalder	35912-1
52/1,17	Mjelde	Røys	Bronsealder/jarnalder	25539-1
123/1-2	Mosevoll	Røys	Folkevandringstid	35913-1
110/4	Raknes, <i>Slettebakkshøgjen</i>	Haug	Folkevandringstid	66442
145/46	Reigstad	Helleristing	Bronsealder	60566-1
12/3	Skår, <i>Kjeklebakken</i>	Haug	Jarnalder	
90/3	Øvsthus Nordre, <i>Høgarøysi</i>	Røys	Bronsealder/jarnalder	35014-1
91/3	Øvsthus Søndre	Haug	Jarnalder	25540-1
87/3	Hoshovden NY	Gravrøys	Bronsealder/ jarnalder	55247-1
146/1	Reigstad NY	Øydegard	Jarnalder/middelalder	6463-1
146/1	Reigstad NY	Øydegard	Jarnalder/middelalder	35915-1
106/60	Tysso NY	Heller	Førreformatorisk tid ( før 1537)	66443-1

Tab. 21 : Automatisk freda kulturminne/fornminne. Osterøy kommune / Fylkeskonservatoren.

Revisjonen inneber at fire fornminne er lagt til og tre som er kartfesta på arealkartet er teke ut:

1. 29/7 Gjerstad, gravrøys, 2. 29/7 Gjerstad, røys, 3.87/2 Hoshovden, røysrest.

Nye opplysingar er lagt inn i kommunen sin base og vil bli vist på neste utgåve av kartet.

### **2.1.7 Viktige ledd i kommunikasjonssystemet (pbl § 20-4,1. 6. ledd).**

Alle eksisterande riks-, fylkes - kommunale og større private vegar er merka av på plankartet.

#### **Planlagde vegar:**

Riksveg.

Reguleringsplan for Rv 567 Hauge –Lonevåg.

RV 566 Ambogen - Vesethjelet.

Fylkesvegar.

Kommunedelplan for nytt vegsamband Tysse- Stamnes.

Private vegar.

Sakslivegen, privat skogsbilveg mellom Njåstad og Løvteit, er vist under andre opplysningar som mogeleg ny veg utan rettsverknad.

#### **Kraftleidningar.**

Overføringsliner av regional verdi er vist på arealkartet.

#### **2.1.8 Byggjeforbod langs vassdrag (pbl § 20-4,2. ledd f).**

Føresegner:

For område langs vassdrag inntil 50 m frå strandline i mål i horisontalplanet ved høgste vanlege flaumvasstand er byggje- og anleggstiltak for nye bustader, næringsbygg og fritidsbygg utanfor tettbygd strok forbode. Annan avstand enn 50m kan fastsetjast gjennom reguleringsplan, bebyggelsesplan m.v.

## 2.2 SJØAREAL

### **Generelt:**

Kystlina kring Osterøy er om lag 159 km lang, delt på Vaksdal kommune med 28 km og Osterøy med 131 km. Osterøy deler sjøareal og resipientar med Lindås, Vaksdal og Bergen.

Osterøyfjordane er eit spesielt ringfjordsystem der ein inst finn innlandsfjordar med brakvatn og ytst open kystfjord. Til hovudfjordane Osterfjorden og Sørfjorden er det knytt mange mindre sidefjordar med eller utan tersklar.

Store delar av strandsona er bratt og utilgjengeleg. Det er få høvelege sjøareal som ikkje er teke i bruk og stor konkurranse om desse.

Kystsoneplanen er ikkje rullert. Kap. Havbruk er oppdatert i etter Fiskeridirektoratet sitt oppdrettsregister 4.5.04. Delar av tekstdelen er teke inn her.

### **2.2.1 Særskilt bruk av sjø og vassdrag (pbl § 20-4, 1.4 ledd).**

Det geografiske området for pbl vart ved lovendring 21.04.89 utvida til å gjelda i sjø ut til grunnlina. Vidare vart § 20-4,5 slik tilpassa planlegging i kystsona:

” Arealdelen skal i nødvendig grad angi:

..5. Områder for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, herunder ferdsel, fiske,- akvakultur, -natur - og friluftsområder hver for seg eller i kombinasjon med en eller flere av de nevnte brukskategorier.”

### **2.2.2 Mål.**

Miljøverndepartementet har trekt opp fem satsingsområde for kommunalt miljøvern, T-937 N. Tre av dei er viktige for planlegging i kystsona: biologisk mangfald, kyst - og vassmiljø og kulturmiljø - og landskap.

*Havbruksmeldinga*, St.meld.48 (1994-95) formulerer hovudmål for næringa:

” *Oppdrettsnæringa skal ha en balansert og bærekraftig utvikling og være lønnsom distriktsnæring.*”

*Friluftsmeldinga*, St. meld.40 (1986-87) gjev statlege mål og oppgåver for friluftslivet:

” *Det er eit hovudmål å stimulera flest mogeleg til å driva eit naturvenleg, helse – og trivselsfremjande friluftsliv og å ivareta og utvikla dei arealmessige føresetnader for dette.*”

Hovudmål for kystsoneplanen er fastsett i kommuneplan for Osterøy 1996 –2007:

”Ta vare på natur og miljø og samstundes bruka den til rekreasjon og næring. Vi skal balansera omsynet mellom næring, vern og rekreasjon.”
--

Det har vore eit uttalt politiske mål å leggja tilhøva til rette for eksisterande oppdrettsverksemder.

### **2.2.3 Utviklingstrekk og utfordringar.**

Sjøen har frå gammalt vore fleirbruksområde for næring, ferdsel og rekreasjon. Samfunnsutviklinga har ført til konflikhtar mellom tradisjonelle aktivitetar og nye bruksformer. Havbruksnæringa som har vakse raskt bandlegg store sjøareal. Samstundes har friluftsliv og rekreasjon er blitt viktigare. Marin ureining er eit lokalt og globalt problem. Eit anna utviklingstrekk er aukande interesse for vern av natur –og kulturmiljø.

Dei viktigaste utfordringar i planarbeidet har vore:

- samla, samanstill og systematisera informasjon og interesser knytt til kystsona
- avklara interessemotsetnader i høve bruken av sjøareal og strandsone
- sikra areal til akvakultur og ålmenne interesser
- sjå arealbruk og ressursutnytting i eit heilskapleg perspektiv
- så langt råd er tilpassa dei ulike føremål til naturen si toleevne

### **2.2.4 Havbruk.**

#### **Generelt.**

For å driva oppdrett i sjø trengs konsesjon i medhald av *oppdrettslova*. Fiskeridirektoratet er konsesjonsmynde. Fylkesmannen gjev utsleppsløyve etter *forureiningslova* og handsamar saker etter *lov om laksefisk og innlandsfisk*. Fylkesveterinæren gjev uttale etter *fiskesjukdomslova*. Kystverket handsamar søknader etter *hamnelova*.

Kommunen kan leggja ut areal til akvakultur etter pbl og er høyringspart i konsesjonssaker. Avtale mellom grunneigar og konsesjonshavar om areal høyrer inne under privatretten.

Oppdrettslova § 5 set som eit ufråvikeleg krav at løyve til oppdrett ikkje vert gjeve dersom anlegget:

- vil valda fare for utbreiing av sjukdom på fisk eller skaldyr
- vil valda fare for ureining
- har klårt uheldig plassering i høve omkringliggande miljø eller lovleg ferdsel eller utnytting av området

Lova gjev og heimel for å trekkja attende løyve dersom anlegget kjem i vesentleg strid med vilkåra som nemnd i § 5.

#### **Hovudkategoriar og omgrep:**

- matfiskanlegg – merdanlegg i sjø for produksjon av matfisk
- stamfiskanlegg –merdanlegg i sjø for kjønnsmoden fisk brukt i avl for produksjon av rogn og mjølke
- setjefiskanlegg –landanlegg med ferskvatn for yngel fram til sjømoden alder
- smolt –setjefisk som fysiologisk er klar til sjøsetting

#### **Arealbehov:**

Konsesjonsvolum er 12.000 m<sup>3</sup>. Produksjonen vert regulert av forkvotar. Lokalitetar er førehandsgodkjende for eit avgrensa volum ut frå resipienttilhøva o.a. Oppdrettslova set forbod mot ferdsel og fiske, høvesvis 20 m og 100 m frå anlegget.

Veterinærstyresmaktene set krav til generasjonsskilje og brakklegging. Kvar matfiskkonsesjon bør difor ha tilgang på tre lokalitetar. Av omsyn til sjukdom og smitte er utforma reglar om avstand mellom matfisklokalitetar og stamfiskanlegg /slakteri. Mange lokalitetar i Osterøy

vart godkjende før reglane vart fastsette og har for liten avstand seg i mellom og til slakteri/foredling.

Setjefiskkonsesjonar er oppgjeve i tal sjøferdige fisk pr.år med volumgrense 2,5 mill.stk.

### **Oppdrettsnæringa i Osterfjordbassenget og i Osterøy:**

Fjordane kring Osterøy høyrer med til dei mest oppdrettsintensive områda i landet. Havbruk er ei viktig næring i Osterøy. Kommunen har 10 matfiskkonsesjonar, 1 stamfiskkonsesjon og 5 setjefiskkonsesjonar. I tillegg kjem slakteri og foredlingsindustri. Etter driftsomlegging på 90-talet vert det no i all hovudsak produsert aure.

<b>Oppdrettslokalitetar – kommersiell – matfisk laksefisk</b>			
Lokalitetsnamn	Kapasitet	Konsesjonsnr.	Innehavar
Angelskår	36.000 m <sup>3</sup>	HOR0003, HOR0005, HOR0007, HOR0008	Sjøtroll Oster AS
Blom	24.000m <sup>3</sup>	HOR 0003,0007	Sjøtroll Oster AS
Bruvik	24.000 m <sup>3</sup>	HOR 0005, HOR 0008	Sjøtroll Oster AS
Grønebrekkane	12,000 m <sup>3</sup>	HOR0026	Bognøy Fiskeoppdrett AS
Innegardsvika	12,000 m <sup>3</sup>	HOR 0025	Fjord Drift AS
Kvamme	24,000 m <sup>3</sup>	HOR 0004, HOR 0026, HV 0001	Bognøy Fiskeoppdrett AS
Littleveitholane	12,000 m <sup>3</sup>	HOR 0025	Fjord Drift AS
Olsnestangen	24,000 m <sup>3</sup>	HOR 0006, HOR 0017	Sjøtroll Havbruk AS Vestnorsk Havbrukslag
Saltverket	12,000 m <sup>3</sup>	HOR 0006	Sjøtroll Havbruk AS
Skaftå	36,000 m <sup>3</sup>	HOR 0006	Sjøtroll Havbruk AS
Tepstad	36,000 m <sup>3</sup>	H OR0003, H OR00005, H OR0007, H OR0008	Sjøtroll Oster AS
Viknabukta	36,000 m <sup>3</sup>	H OR0004, H OR0026, H V 0001	Bognøy Fiskeoppdrett AS
Øyjordsvika	24,000 m <sup>3</sup>	H OR0004, H OR0026, H V 0001	Bognøy Fiskeoppdrett AS

Tab. 22: Oppdrettslokalitetar – matfisk laks/aure. Kjelde :Oppdrettsregisteret.

<b>Oppdrettslokalitetar –kommersiell – setjefisk</b>				
Namn på lokalitet	Kapasitet	Plassering	Konsesjonsnr.	Innehavar
Bruaneset	10.000 stk.	Land	HOR0024	Lone Ørret AS
Olsnestangen	24.000 stk.	Sjø	HOR006	Sjøtroll Havbruk AS
Sagelva	75.000 stk.	Land	HOR0016	Alf Lone AS
Saltverket	12.000 m <sup>3</sup>	Sjø	HOR0006	Sjøtroll Havbruk AS
Saltverket	500.000 stk.		HOR0010	Jakta Fiskeoppdrett AS
Skaftå	600.000 stk.	Sjø		Jakta Fiskeoppdrett AS

Tab.23 : Oppdrettslokalitetar –kommersiell setjefisk. Kjelde: Oppdrettsregisteret.

<b>Kultivering –yngel laksefisk</b>				
Namn på lokalitet	Kapasitet	Plassering	Konsesjonsnr.	Innehavar
Loneelva	80.000 stk.	Land	HORO701	Lonevåg Sportsfiskarlag

Tab.24 : Kultivering –yngel laksefisk. Kjelde: Oppdrettsregisteret.

<b>Stamfisk.</b>				
Namn på lokalitet	Kapasitet	Plassering	Konsesjonsnr.	Innehavar
Olsnestangen	24.000 m <sup>3</sup>	Sjø	HOROO17	Vestnorsk Havbrukslag
Skaftå	36.000 m <sup>3</sup>	Sjø	HOR0017	Vestnorsk Havbrukslag

Tab. 25 : Oppdrettslokalitetar stamfisk. Kjelde : Oppdrettsregisteret.

### **Skjeldyrking.**

For løyve til skjeldyrking gjeld *oppdrettslova og føresegner om skaldyr*. Konsesjon vert gjeve for eit avgrensa areal. Botnanlegg og overflateanlegg har ulike arealbehov. Overflateanlegg for skjel kan ha behov for store areal.

Kamskjel, østers og blåskjel er aktuelle artar for dyrking i Hordaland. Kamskjel vert rekna som mest aktuelt i ytre strok, medan blåskjel truleg vil høva best i fjordane.

Dyrking av skjel skil seg frå andre marine kulturar ved at organismane ikkje vert fora, men sjølv filtrerer mikroalgar frå vassmassane. Tilrådd avstand mellom skjellokalitet og andre oppdrettsanlegg er 1000 m.

Lokalitetsnamn	Kapasitet	Konsesjonsnr.	Innehavar
Heimvik	50 daa	H-OR 0305	Tore Heimvik
Eiketobukti	55 daa	H-OR-307	Fjord Aker AS.

Tab. 26 : Oppdrettslokalitetar skjel. Kjelde: Oppdrettsregisteret.

I sikringssona i Sørfjorden er det opna for skjeldyrking etter søknad.

### **Marine artar.**

Det er i dag ingen konsesjonar for marine artar i kommunen. To av torskekonsesjonane frå 80-talet er omgjort til laks/aure. Dei andre er sletta i medhald av oppdrettslova på grunn. av inaktivitet.

### **Artar og samlokalisering.**

Oppdrett av skjel og andre marine artar er framleis under utprøving. Desse artane kan i mange høve nytta lokalitetar som ikkje er fullgode for laks/aure.

I planen er det sett ei hovudgrense ved Olsnes og Drangevågen.. Strekninga Olsnes – Drange er avsett til matfiskoppdrett av laks/aure. Innafor denne grensa er det avsett areal til skjeldyrking.

Samdriftslokalitetar på inntil 36000 m<sup>3</sup> kan etablerast på særleg høvelege lokalitetar. Vilåret er at samla oppdrettsvolum ikkje aukar.

### **2.2.5 Fiske.**

Fiske i sjø er regulert etter fleire lover m.a. *saltvassfiskeleva* og *lov om laksefisk og innlandsfisk*. Saltvassfiske i sjø er i utgangspunktet ein allemannsrett, men fiskerilovgjevinga set nokre grenser.

Yrkesfiske har ikkje vore viktig i Osterøy. I 2000 var det registrert ein yrkesfiskar. Kommunen har ingen merkeregistrerte fiskefartøy, fiskerihamner eller mottak av villfisk. Vitjing av framandflåte i Osterøyfjordane skjer sporadisk, men yrkesfiskarar frå Nordhordland nyttar stundom kaste- og låssetjingsplassar.

Heimefiske har derimot vore viktig for matauk og som attåtnering. I dag driv fastbuande og tilreisande fritidsfiske

### **Kaste-og låssetjingsplassar.**

Kaste-plassar er stader der fisken naturleg sig opp, medan låssetjingsplassar er skjerna for ver og vind. Dei er viktige for tradisjonelt kystfiske. Ettersom bruken gjerne skjer i syklusar og med års mellomrom, kan interessene vera vanskeleg å dokumentera.

Av registrerte kaste- og låssetjingsplassar vert 11 prioritert. Utvalet bygger på innrapporterte fangstar av sild, brisling og makrell, 1980 -90.

Nr	Lokalitet	Nr	Lokalitet
H + OR 001	Heimvik	H + OR 008	Byseim
H + OR 003	Kleppsvågen	H + OR 009	Geitreimsholmen
H + OR 004	Bernesvika	H + OR 010	Svenevika
H + OR 005	Hanstveitholmane	H + OR 011	Hjellvikvåg
H + OR 006	Hosanger	H + OR 012	Hamnevik

Tab. 27 : Kaste- og låssetjingsplassar 1980-1990. Kjelde: Fiskerisjefen i Hordaland.

Høgste fangsttal har Hamnevik, Svenevik og to lokalitetar i Fotlandsvåg. Det er eit mål å verna lokalitetane mot inngrep som gjer dei ubrukelege i framtida.

### **Oppvekst- og gyteområde.**

Dette er område som tilfredsstillar fiskeyngelen sine særskilte krav til omgjevnadene. Dei er særleg sårbare for inngrep. Det er registrert sju oppvekst- og gyteområde:

Vassneset - Indre Grøsvik , Heimvik, Mjøsvågen , Storholmen  
Lonevåg og Hamreflua

Gyteområda Vassneset - Indre Grøsvik og Hamreflua er dei viktigaste.

### **Trålfelt.**

Det er avsett eit felt for reketral i Sørfjorden mellom Votlo og Reigstad.

## **2.2.6 Naturvern.**

Naturverninteressene er regulert gjennom *naturvernlova* som gjev rom for ulike vernetiltak og etter *viltlova*. Verneinteressene i strandsona er knytt til vilt, sjøfugl, våtmark, havstrand, marine biotopar.

### **Naturområde.**

Bruvikholmane og Votløyni er avsett til naturområde på grunn av sjøfugl.

### **Villaks.**

Lonevåg-laksen er ei småvaksen laksestamme med særeigen morfologi, åtferd og økologi. Den står på nasjonal liste over verneverdige laksestammar. Lonevåg-laksen har ved utsetjing gjeve best gjenfangst og minst feilvandring. Dette gjer han til ein viktig og verdifull ressurs langt ut over vassdraget sine grenser. Kultiveringsarbeidet i vassdraget har som mål å verna og utvikla laksestamma.



### **2.2.7 Sikringssoner, tiltakssoner og munningsfreding.**

Mellombelse sikringssoner for laksefisk vart innført i 1989 som eit tiltak for å redusera angrep frå lakselus på villaksen og hindre genetisk ureining. Sonesystemet, som er heimla i oppdrettslova § 5 nr. 3, vart vidareført i påvente av ”villaksmeldinga”, NOU 1999:9.

Osterfjordbassenget innafor Nordhordlandsbrua er lagt ut som *tiltakssone*. *Sikringssoner* går ved Olsnesnipa – Skreaneset og ved Bjørkeli – Sverrestuven. Dette inneber at eksisterande anlegg kan driva vidare innafor sonene, men at det ikkje vert gjeve løyve til nyetableringar for opne merdanlegg for laks, aure og sjørøye. Sonesystemet inneber krav om større avstand mellom anlegg og utvida kontroll av anlegg og drift.

I Hordaland har det vore semje mellom sektorstyresmaktene om at biofiskemassen i fjordbassenget inntil vidare ikkje skal aukast.

I 1997 vart det i medhald av lov om laks- og innlandsfisk innført munningsfreding med forskrift om fiske for dei viktigaste laksevassdraga i Hordaland. I Lonevågen er det trekt grense mellom Salbustallen og nordpynten av Svenevikklubben.

Osterøy heradsstyre har i fråsegn 07.01.01 villaksmeldinga slutta seg til framlegget om Lonevågen som nasjonalt laksevassdrag. Heradsstyret gjekk i mot punktet om nasjonal laksefjord avdi dette kan medføra avgrensingar på akvakultur i Osterøy.

## 2.3 RETNINGSLINER, MÅL OG FORSKRIFTER

### 2.3.1 Retningslinjer til kommuneplanen.

#### **2.3.1.1 Retningslinjer for estetikk og byggeskikk.**

##### **Generelt.**

##### Søknad og dokumentasjon.

*I alle plan- og byggesaker bør det følgja med utgreiing og dokumentasjon av miljøsider/ estetiske sider av tiltaket, i høve tiltaket i seg sjølv, til omgjevnad og til fjernverknad.*

##### Landskap og kulturmiljø.

*I Osterøy bør det ved all utbygging leggjast vekt på vern av åsdrag og landskapssiluettar. Særtrekk i landskapet og viktige naturelement sett frå nært og langt hald, skal i størst mogleg grad takast vare på. Viktige siktliner bør oppretthaldast.*

##### Tiltak i verna og verneverdige miljø.

*Tiltak i verna og verneverdige miljø må ta særleg omsyn til tradisjonell byggeskikk når det gjeld form, farge- og materialbruk.*

##### **Byggjeområde.**

##### Dokumentasjon.

*Ved planlegging av byggjeområde skal det dokumenterast korleis prosjektet tilfredstiller krav til terrengtilpassing, fjernverknad og byggeskikk, t.d. med registreringskart/ foto/teikningar/modell som framstiller eksisterande og ny situasjon. For større byggjeprojekt eller viktige bygg kan kommunen krevja at det vert framlagt alternative løysingar.*

##### Bruken av landskapet.

*Kva som skal vera byggjeområde og kva som skal liggja att som naturområde må nøye avvegast. Nye byggjeområde bør ikkje leggjast ut som samanhengande ”teppe” utan større innslag av natur. Byggjeområda bør ha ei fast avgrensing mot kvarandre og mot naturområda. Nye byggjeområde må ta utgangspunkt i lokal byggeskikk når det gjeld bruken av landskapet. Nye vegar bør leggjast slik at dei følgjer form og topografi i landskapet.*

##### Utforming av nye byggjefelt.

*Nye byggjefelt bør som hovudregel plasserast på stader som er skjerma mot hovudretningane ( høgdevindar) og daltrekk ( kaldluftsavløp). I sjølve planen bør husa plasserast slik at dei skjermar kvarandre og skapar felles utrom som innbyr til bruk for bebuarar i alle livsfasar.*

##### **LNF- 2 område.**

*Innafor LNF-område der spreidd busetnad er tillate, må lokalisering skje utanom dyrka areal med eigna jord-og skogproduksjon. Bustader med tilkomstveg må ikkje plasserast slik at dei fører til ulemper for landbruksdrift eller annan næring.*

### Utforming av tun og einskildhus.

Nye hus bør få sitt sjølvstendige arkitektoniske preg, men samstundes ta utgangspunkt i lokal byggjeskikk med omsyn til volum, terrengtilpassing og innpassing i eksisterande bygningsmiljø.

### Bygningsdelar, materialbruk, teknikk og fargeval.

Nye bygningsdelar som veranda og tilbygg bør underordna seg huset si hovudform. Omsyn til og kunnskap om klimanedbryting på byggjemateriale bør vera hovudmoment ved val av utvendig materialbruk, teknikk og overflatehandsaming. Eldre fargebruk kan gje inspirasjon for ny fargesetjing, medan skjemmaende fargebruk bør unngåast.

### **Utforming av tettstader.**

Planlegging og oppføring av nye bygg og anlegg og utviding av slike, bør byggja på analyse av heilskapen ved tettstaden. Analysen skal visa kva for eigenskapar ved tettstaden som skal styrkjast og leggjast til grunn for vidare utvikling og kva eigenskapar som bør bøtast på.

### **Område for råstoffutvinning.**

Reguleringsplan skal visa korleis drift er tenkt gjennom ein driftsplan. Av denne skal det gå fram korleis område skal sjå ut etter ferdig uttak. Område med lausmassar skal i størst mogleg grad førast tilbake til opphavleg bruk.

### **2.3.1.2 Retningsliner for sjøområda.**

#### Fleirbruksområde for friluftsliv, ferdsle, fiske og natur -FFFN

Sjøområde som ikkje er disponert til andre særlege føremål. Områda skal sikrast mot faste installasjonar og tiltak som kan vera til hinder for ålmenne interesser som ferdsle, fiske, friluftsliv, annan ambulerande bruk av område og naturtilstand.

#### Fleirbruksområde for friluftsliv, ferdsle, fiske, natur og akvakultur- FFFNA

Fleirbruksområde der det etter søknad kan gjevast løyve til skjeldyrking.

#### Akvakulturområde -AK

Område for akvakultur. Ved brukskonflikt må andre interesser i utgangspunktet vika. Lokalisering må ikkje skje nærare enn 200 m frå registrert friluftsområde, sikra natur-friluftsområde eller nærare enn 100 m frå lakseplassar. Lokalisering må ikkje skje i regulerte, oppmerka leier.

Innafor Olsneset og Drangevågen skal det ikkje etablerast anlegg for oppdrett av anadrom laksefisk.

Akvakulturområda Heimvik og Eiketobukti er avsett til skjeldyrking.

Akvakulturområde Olsneset er avsett til laks/aure.

#### Fiskeområde -KL, GY, TR

Tradisjonelt fiske etter saltvassfiskeleva har prioritet. Føremålet skal sikra dei beste og mest brukt kaste-og låssettingsplassane, vesentlege gyte- og oppvekstområde og trålfelt. Føremålet er ikkje til hinder for ålmenne ferdsle på sjø over fiskeområda og regulerer ikkje tilhøvet mellom yrkesfiske og fritidsfiske.

### Hamneområde og viktige leier -HA

*Sjøområde med offentlig/privat kai og /eller naustmiljø. Føremålet skal sikra område for nyttetraffikk og fritidsbåtar. Det må takast rimeleg omsyn til leier, tilflott og tilgjenge til hamner og kaier ved lokalisering av faste installasjonar/oppdrettsanlegg.*

### **2.3.2 Kommunale energistrategiar,**

Hovudmål:

- ” Redusera veksten i energibruken i Osterøy kommune og Osterøysamfunnet, og stimulera til å auka den del av energibruken som er basert på fornybare og alternative energikjelder.

Strategi:

1. Stimulera til auka kompetanse om energi og miljø hjå Osterøy kommune sine tilsette, innbyggjarar og utbyggjarar i kommunen.
2. Utnytta areal og lokalisera nye utbyggingsområde slik at ein begrensar vekst i energibruk og slik at alternative energikjelder kan utnyttast.
3. Stimulera til reduksjon i energibruk på eksisterande bygg.
4. Stimulera til bruk av moderne styringsteknologi og energifleksible oppvarmingssystem i nye bygg.
5. Auka bruk av biobrensel på Osterøy.

Tiltak for kvar av strategiane:

1. a) Tema om energi og miljø skal vera innarbeidd som eit tydeleg element i barnehagane og skulane.  
b) Informasjon til utbyggjarar i Osterøy.  
c) Opplæring av politikarar.  
d) Opplæring av kommunalt tilsette.  
e) Opne temamøte for alle innbyggjarane.
2. a) I samband med kommuneplan vert lokalisering av byggeområder vurdert med tanke vurdert med tanke på klima, kommunikasjon, alternative energikjelder m.v.  
b) I samband med reguleringsplanlegging vert vurdert moglegheit for felles varmesentral med energifleksible løysingar
3. a) Gjennomføra enøkanalyse på alle kommunale bygg.  
b) Prioritera og gjennomføra Enøk- tiltak på kommunale bygg.  
c) Informasjon og samarbeid med andre byggeigarar.  
d) Etablere enøk-fond.
3. 4. a) I alle større bygg skal sentral driftskontroll ( SD-anlegg ) monterast.  
b) I nye bygg og tilbygg over 1000m<sup>2</sup> skal kommunen nytta energifleksible varmeanlegg.  
c) Kommunen skal arbeida for statleg støtte til ” ikkje lønsame” tiltak for reduksjon av energifleksible varmeanlegg.  
d) Informasjon og samarbeid med andre byggeigarar.
5. a) Greia ut prosjekt for felles varmesentral i tilknytning til eksisterande og

- planlagde større bygg på Hauge.
- b) Greia ut prosjekt for lokal næring/produksjon av biobrensel.
  - c) Stimulera grunneigarar til sal av ved, og/ eller frigje/leggja til rette for vedhogst.”

### **2.3.3 Forskrift om 0-konsesjonsgrense**

Osterøy heradsstyre vedtok 07.11.01 å søkja Landbruksdepartementet om å innføra 0-grenseforskrift i Osterøy. Landbruksdepartementet fastsette 10. desember 2003:

§ 1. I Osterøy kommune er konsesjonsfridom etter konsesjonslova §51.ledd nr.2 sett ut av kraft for eigedom som der er bygd på og som er eller har vore i bruk som heilårsbustad.

§ 2. Denne forskrifta trer i kraft 15. desember 2003.

Dersom overtakaren skal nytta eigedomen som heilårsbustad, kan han få skøyte tinglyst ved bruk av eigenfråsegn.

### **2.3.4 Fredrikstaderklæringa,**

Fredrikstaderklæringa er mellom anna basert på:

- mobilisering av innbyggjarar, organisasjonar og partar i arbeidslivet til aktiv medverknad i Lokale-Agenda 21-prosessar og etablera eigna møteplassar og nettverk.
- miljøomsyn i alt forbruk og all produksjon
- utbyggingsmønster som reduserer trongen til transport
- ta vare på det biologiske mangfaldet
- synleggjera samanhengen mellom helse, miljø og trivnad
- ta vare på kulturminne og kulturmiljø som ein del av identiteten vår

Kjenneteiknet med Lokal Agenda 21 er lokalsamfunna sitt langsiktige arbeid med berekraftig utvikling. Det vert særleg lagt vekt på folkeleg medverknad og opne prosessar med lang tidshorisont som strekkjer seg over fleire generasjonar.

Lokal Agenda er eit utfordrande og langsiktig arbeid for endring der kommune, næringsliv, lag og privatpersonar må finna løysingar for ei økologisk, sosial og økonomisk berekraftig utvikling.

## 2.4 NY AREALBRUK I KOMMUNEPLANEN 2003-2014

Oversynet viser ny arealbruk i kommuneplanen 2003-2014. Nedre Mjelde\* er difor med i opplistinga, sjølv om planarbeidet er innstilt. Område som er unnateke frå rettsverknad, er lista opp særskilt. Kategoriane ny og utviding er ikkje absolutte, utviding vert og brukt om fortettingsområde. Endra arealbruk som følgje av vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen 1996-2007 er merka .\*\*

Stad	Areal	Nytt føremål	Tidlegare føremål	Sum
Gjesvollane, Hosanger	29,5 daa	Nytt bustadområde	LNF	
Hoshovde, gnr.87/3, Hosanger	30 daa	Nytt bustadområde	LNF	
Hoggje, Lonevåg, **	14,5 daa	Nytt bustadområde	LNF	
Dalabakken, Lonevåg **	7,5 daa	Nytt bustadområde	LNF	
Hjellvik	53 daa	Nytt bustadområde	LNF	
Rundhovde, Valestrand	5,5 daa	Nytt bustadområde	Næringsareal	
Nedre Mjelde *	231 daa	Nytt bustadområde	LNF	
Sum nytt bustadareal				371 daa
Hoshovde	40.2 daa	Fortetting/ eksisterande bustad.	LNF	
Gatland, gnr.95/2 m.fl., Fotlandsvåg	48 daa	Utviding bustadområde	LNF	
Bysheimskleivane	56,5 daa	Utviding bustadområde	LNF	
Vevle	16,4 daa 11,3 daa	Utviding/fortetting Eksisterande bustad	LNF	
Fossåsen, Valestrand	3 daa	Utviding	LNF	
Krossåsen, Seljerind	22 daa	Utviding	LNF	
Reigstad, Valestrand	3,3 daa	Utviding	LNF	
Framegarden, Bruvik	3 daa	Utviding	LNF	
Sum utviding/fortetting bustadareal				203,7 daa
Stokkeneset, Bruvik	64,1 daa	LNF -2	Næringsareal	
Sum LNF – 2				64,1 daa
Husavatnet, Lonevåg	26 daa	Nytt næringsareal	LNF/bustad	
Nyleite, Lonevåg	5,7 daa	Nytt næringsareal	LNF	
Solberg gnr. 31/37 ,Lonevåg	2,8 daa	Nytt næringsareal	LNF	
Grimstad, Lonevåg **	10,7 daa	Nytt næringsareal	LNF	
Sum nytt næringsareal				45,2 daa
Mjeldalen Næringsområde **	5,8 daa	Utviding	LNF	
Raudberget, Tysse	3 daa	Utviding næringsareal	LNF	
Flatevad, Lonevåg	4 daa	Utviding næringsareal	LNF	
Fossen, Valestrand	4,9 daa	Utviding næringsareal	LNF/bustad	
Lone, Lonevåg	6 daa	Utviding næringsareal	LNF	
Sum utviding næringsareal				23,7 daa
Skule Lonevåg **	19.5 daa	Offentleg føremål	LNF	
Skule Krossåsen	15,6 daa	Offentleg føremål	LNF	
Sjukeheim, Hauge **	39 daa	Offentleg føremål	LNF	
Sum offentlege føremål				74,1 daa
Kunstgrasbane, Lonevåg	9,7daa	Friområde, idrettsføremål	LNF	
Olsneset, Bruvik	84,4 daa	Friområde	LNF	
Sum friområder				94,1 daa

Mjelstad Restdeponi	98,7 daa	Andre byggjeområder	LNF	
Skytebane (ny), Vik	54,3 daa	Andre byggjeområder	LNF	
Skytebane, Austre Kleppe	53,4 daa	Andre byggjeområder	Friområder	
Sum andre byggjeområder				206,4 daa
Husavatnet, Lonevåg	87 daa	LNF	Bustadområde	
Hjellvik	44 daa	LNF	LNF -2 område	
Bernes	45 daa	LNF	Område for råstoffutvinning	
Sum tilbakeføring til LNF -1				176 daa

Tab.28 : Ny arealbruk i kommuneplanen 2003-2014. Kjelde: Osterøykommune.

#### KOMMUNEDELPLAN HAUGE – AREALOVERSYN I FRAMLEGG AV 24.05.04

Føremål	Noverande areal	Planlagt areal	Merknad
Senterområde		25	
Bustadområde	129	242	
Næringsområde	30	40	
Industriområde	3	150	
Offentlege byggeområder	45	8	
Ålmennytige føremål	2,5	1,1	
Friområde- friluftsområder	80	1,4	
LNF-område	5100		
Masseuttak	7	23	
Friluftsområde- naturområde vassdrag	90		pluss elvar
Sum	5487	490	5977 daa

Tab. 29 : Arealoversyn i framlegg til kommunedelplan Hauge. Kjelde: Scandiaconsult.

#### KOMMUNEDELPLAN RIVENES - SUNDLAND

Areal innanfor førebels plangrenser- oppstartsvedtak av 03.09.03 262 daa

#### NY AREALBRUK SOM FØLGJE AV DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN 1996-2007:

Bustadføremål: Reguleringsplan Dalabakken., Lonevåg .Reguleringsplan Hoggje, Lonevåg

Offentlege føremål: Sjukeheim, Hauge, barneskule Krossåsen..

Andre byggjeområder: Mjelstad Restdeponi

\* Opplistinga er avgrensa til større tiltak.

#### AREALAVGANG LNF

Omdisponering frå LNF	1170 daa
Tilbakeføring til LNF	176 daa
Sum arealavgang	994 daa

Tab. 30: Arealavgang. Kjelde: Osterøy kommune.

## 2.5 BEREDSKAP I KOMMUNEPLANEN

Beredskap er evne til å handtera og redusera skadeverknader av uønska hendingar som kan føra til skade på eller tap av verdiar. Gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) er eit viktig verkemiddel for å kunne avdekkja, dokumentera og innarbeida omsyn til beredskap i kommunal planlegging.

Sjekklista er laga etter mal for innarbeiding av beredskapsomsyn i kommuneplanen. Utgangspunktet er kunnskapen som i dag er kjend om svake punkt og risiko frå naturgrunnlag og omgjevnader.

All ny arealbruk, arealplanar, kommunedelplanar, reguleringsplanar og bebyggelsesplanar , skal innehalde ROS – analyse i samsvar med sjekklista.

### **Naturulukker.**

- Vind:* Osterøy vil som øykommune få påverknad av sterk vind i ekstreme tilhøve. Ulik topografi gjev ulik vind. Hyppigst er sterk vind frå sørleg kant, medan vind frå vest og nord vil vera den farlegaste for stormskader. Registreringar i samband med storm og ekstreme værtilhøve (1994-97) viser at skogområda var mest utsette og at det ikkje vart gjort skade på busetnad eller infrastruktur.  
**Tiltak ved ny arealbruk:** Kommunen sine retningslinjer for byggjeskikk og estetikk omhandlar m.a. plassering av hus i landskapet, lengderetning og vindskjerming. Store vindusflater i vindutsette område vert frårådd frå fagleg hald.
- Flom-ferskvatn / vassdrag:* Føresegner til kommuneplanen set byggjeforbod inntil 50 m langs vassdrag. Norges vassdrags- og energidirektorat har ikkje gjennomført større flaumsikringstiltak i kommunen, men det ligg føre ein plan for flaumsikring av Hartveitelva.
- Oversvømmelse-sjø:* Det er ikkje registrert flaumutsette område i kommunen. Loneelva er det einaste elvedeltaet av nokon storleik. Her kan vasstanden bli høg. Rv 567 ved Lone Bru har ved ekstreme høve vore stengt for personbilar.
- Nedbør:* Kraftig nedbør har tidvis ført til ”sjøsaltepisodar” med fiskedaud, særleg nord i kommunen. Det er elles ikkje registrert område som er utsett ved ekstrem nedbør.
- Ras /skred:* Osterøy vert ikkje rekna som rasutsett i kartleggingane til NGU og vegvesenet, men som elles på Vestlandet kan steinsprang og mindre skred forekome. Fire område har vore undersøkt for rasfare. Del av bustadområde Ramberget, gnr. 141/101 er rassikra. Del av Framegarden, Bruvik har vore undersøkt av geolog. Rymledalen Industriområde er rassikra. Geologiske undersøkingar inngjekk i førebuing av regulering av Rivenes - Sundland i 2000.  
**Tiltak ved ny arealbruk:** Rasvurdering vil bli følgd opp i kommunedelplan Rivenes -Sundland. Planlegging / utbygging av areal til kombinerte føremål, Bruvik sentrum må skje i samråd med geolog.



6. *Svikt i grunn.* Det er registrert usikker grunn på Votlo, gnr.60 bnr.124.  
**Tiltak ved ny arealbruk:** Oppfølging jf. punkt ved 5.
7. *Radonstråling.* Radon er ein usynleg og luktfri edelgass som vert danna frå radioaktiv uran. Den førekjem i alt steinmateriale, men høgaste konsentrasjonar finn ein i alunskifer, lausmassar og morenegrunn. Byggjegrunnen er i dei fleste tilfelle hovudårsak til høge radonkonsentrasjonar i innelufta. Næringsmiddeltilsynet har 1996-98 undersøkt radonførekomstar i vatn frå borehol og i innelufta i skular og barnehagar i Osterøy. Bruvik, Fotlandsvåg og Haus vart valt ut for undersøking av borehol. Tiltaksgrensa for radon frå borebrønner er 500 Bq /m<sup>3</sup> . Eitt område på Olsnes ligg over grensa. Tiltaksgrensa for radon i innelufta er 200Bq /m<sup>3</sup> . I kartlegginga ligg Tysse i denne kategorien. Kommunen er ansvarleg for kartlegging. Eigar er ansvarleg for gjennomføring av tiltak i private bustader. I byggjesaker vert det vist til § 68 i pbl om eventuell undersøking og tiltak før oppstart.

### **Forureining.**

1. *Drikkevatt:* Arealdelen har sikringssoner kring drikkevasskjeldene Askelandsvatnet og Dalsvatnet. Barsvatnet, Løvteitvatnet og Osavatnet er drikkevasskjelder med restriksjonar. Ureining av drikkevasskjelder som følgje av sabotasje/terror er drøfta i overordna ROS-analyse, men vurdert som særdeles lite sannsynleg.
2. *Grunn/vatn:* Utslepp til grunn og vatn vert følgd opp i kommunedelplan avløp og gjennom miljøplanlegging i landbruket. Det er tre deponi i kommunen. Mjeldalen gjenbruksstasjon driv mellomlagring. Mjelstad Restdeponi tek imot spesialavfall frå bygge -og anleggsbransjen. Fylkesmannen er forureiningsmynde. Borge Garveri har i påvente av ny teknologi for avfallshandtering deponert garveriafall i fjellhallar og på bakken. I 1999 fekk biogassanlegget Osterøy Miljø AS konsesjon for å ta hand om garveriafall frå Borge Garveri AS. Her er SFT forureiningsmynde.
3. *Luft:* Det forekjem tidvis klage på lukt frå Borge Garveri/Osterøy Miljø og frå Mjelstad Restdeponi. Oppfølging frå kommunehelsetenesta og forureiningsmynde.
4. *Støy:* Ein eksisterande og ein planlagt skytebane har fått lagt inn støysone i arealdelen. Det forekjem klager på støy frå oppdrettsanlegg, særleg tilførselsbåtar og foringsflåter.

### **Hendingar.**

1. *Brann:* Gjeldande brannordning er vedteken 26.11.97og godkjend av DBE i 1998. Feietenesta er lagt om frå årleg til behovsprøvd feiing i samsvar med lov og forskrift av juni 2002. I utgreiing om felles brannvernregion for Vaksdal og Osterøy i 2003, er det gjort ein revisjon av eksisterande risikokartlegging /risikoanalyse for dei to kommunane. Konklusjonen er at risikobiletet har endra seg lite dei siste 5 åra og at eventuelle endringar har vorte til det betre. For Osterøy reknar ein med at den største risikoen ligg i tap av verneverdige bygningar og tap av arbeidsplassar som følgje av brann i verksemder.

2. *Eksplasjon*: Osterøy kommune har tre løyver for oppbevaring av eksplosivar. Lagra er av type middels store.
3. *Farleg gods*: Kommunen har ikkje gjennomfartsårer. Handtering av farleg gods vil inngå i verksemdene sitt internkontrollsystem.
4. *Utslepp av olje / kjemikalier*: Feietenesta har kartlagt nedgravde oljetankar og driv kontinuerleg overvaking av utslepp. Osterøy kommune er medlem i Interkommunalt utval mot akutt ureining ( IUA ). IUA har ansvar for større utslepp som kommunen ikkje sjølv kan handtere. Osterøy har avtale med Bergen Brannvesen om bistand ved eventuelle utslepp av kjemikalier.
5. *Skipsulukker*: Hovudferdselsårene Sørfjorden og Osterfjorden er bileier, øvrige leier i kommunen er lokalleier. Regulære skipstrafikke er ferjesambandet Valestrandsfossen-Breistein, tilførselsbåtar til oppdrettsanlegg og slakteri og fraktbåtar. I tillegg kjem turistbåtar og fritidsflåten..Det er ingen kjente skipsulykker frå nyare tid. Mengden av oppdrettsanlegg i Osterfjordbassenget frå Olsnes til Drange gjer at eit havari i tillegg til ureining og anna, vil kunne gjera stor skade på naturmiljøet.
6. *Flyulukker*: Det går to flykorridorar over Osterøy. Den hyppigst brukte er innflygingstraseen frå nord som går aust mot vest midt over øya.. Nærleik til Bergen Lufthamn vil kunne gje ulukker, men kommunen kan ikkje sjå at det er mogeleg å iverksette avbøtande tiltak mot slike hendingar. Dette forholdet vil ikkje få følgjer for arealbruken.
7. *Trafikkulukker*: Vegstandarden er varierende med mange smale parti og lite friskt. Mange vegstrekningar har bratte stup ned mot sjøen. Trafikksikringsrapporten av 2003 slår fast at det ikkje er spesielle stader eller vegstrekningar som peikar seg negativt ut i Osterøy. Ulukkene skjer over heile vegnettet. Rapporten peikar på to hovudproblemområde: utforkjøringar og ulukker med motorsyklar, og spesielt mopedar. Utforkjøringar står for 49 % av ulukkene, noko som ligg høgare enn Hordaland utanom Bergen. Brannvesenet kan nå alle vegar i kommunen innan 30 min, men har ikkje materiell for redning i ulendt terreng. Ifylgje risikovurderinga har brannvesenet dårleg utstyr for innsats mot sjø og vil vera avhengig av assistanse utanfrå.

### **Infrastruktur.**

1. *Kaier*: Osterøy kommune er ikkje eige hamnedistrikt. Forvaltning etter lov om hamner og farvatn ligg difor fullt til kystverket. Kommunen har ei rekkje offentlege og private kaier av ulik storleik og funksjon. Alle er registrerte og kartfesta.
2. *Veganlegg / bruer og tunnelar*: I kommunen er det ei rekke små og store bruer, fem tunnelar og eit vegnett av skiftande standard. Kommunen har fastlandssamband med bru til og ferje. Tirsåstunnelen og Geitheimstunnelen er særskilte brannobjekt. Realisering av Rv 567 Hauge –Lonevåg og Rv Ambogen-Vesetgjelet vil avlasta dårlege og trafikkfarleg vegnett, og vil vera med og redusera trafikkulukker, jf. punkt trafikkulukker.  
**Tiltak ved ny arealbruk**: Analyseområdet for Rivenes – Sundland er utvida til å

omfatta Votlo for å kunna vurdera eksisterande veg som tilkomst.

3. *Telekommunikasjon/kraftliner:* I denne rulleringa er det ikkje planlagt nye bustadfelt eller næringsareal som vil utgjera ein risiko i høve til tele- og kraftlineinstallasjonar.

### 3 PLANVERKTY I OSTERØY KOMMUNE

Status per 30. juni 2004

<b>Vedteken kommuneplan</b>
-----------------------------

<b>Kommuneplan 2003-2014</b>	<b>HS 08.10.03</b>	<b>Sak 74/03</b>
<b>Økonomiplan 2004-2007</b>	<b>HS 17.12.03</b>	<b>Sak 110/03</b>

<b>Vedtekne kommunedelplanar</b>	<b>Dato / år for vedtak</b>
Kommunedelplan for vassforsyning 1996-2007	HS 27.03.96
Kommunedelplan for bibliotek	HS 1996
Kommunedelplan for spesialpedagogiske tiltak	HS 1997
Kommunedelplan for avløp 1998-2007	HS 14.10.98
Kommunedelplan for ny riksveg Hauge-Lonevåg	HS 20.06.01
Kommunedelplan for kystsona	HS 19.12.01
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og naturopplevingar 2004-2015	HS 17.12.03
Kommunedelplan barnehage 2004-2007	HS 16.06.04

<b>Vedtekne temaplanar</b>	<b>Dato / år for vedtak</b>
Slamplan for Osterøy	HN 11.12.96
Alkoholpolitisk plan for Osterøy kommune 1998-2001	HS 28.01.98
Eldremelding – handlingsplan 1998-2001	HS 27.05.98
Smitteverneplan for Osterøy kommune Ajourført med kap. Tuberkulosekontrollprogram 20.04.04	HS 31.01.01
Trafikksikringsrapport	HS 2003
Risikokartlegging av brannberedskap	2003
Plan for psykisk helsevern 2003-2006	HS 03.09.03

<b>Planar under arbeid</b>	<b>Dato/tid for oppstart</b>
Overordna kriseplan for Osterøy kommune. Planutkast vil i desember 2004 bli erstatta av vedteken plan.	2001
Plan for helsemessig og sosial beredskap	2004
Bustadsosial handlingsplan	2004
Kommunedelplan for fylkesveg Tyssebotn-Kallestadsundet	HS 03.03.99
Kommunedelplan Hauge	HS 28.03.01
Kommunedelplan Rivenes – Sundland	HS 03.09.03
Kommunedelplan landbruk 2004-2007	HS 11.02.04
Alkoholpolitisk plan for Osterøy	HS 28.04.04

<b>Vedtekne drifts- og forvaltingsplanar</b>	<b>Dato for handsaming/vedtak.</b>
Tiltaksplan for skogbruket 1993-2003.	HN 1999
Driftsplan for Loneelva	HN 1999
Forvaltningsplan for Havrå Kulturmiljø 2004-2007	HN 04.06.03 – tilråding

Tab. 31 : Planverkty Osterøy kommune 2004. Kjelde : Osterøy kommune, Plan – og utvikling.

**REGULERINGSPLANAR OG  
UTBYGGINGSPLANAR:**

Revidert: 30.06.04

ARKIV NR:	NAMN	FØRE-SEGNEN	GODKJEND	GODKJEND, EVT. STADFESTA AV:
504.1	Reg. plan Lonevåg (Restområde Kårvik)		01.06.66	Kommunal- og arbeidsdepartementet
504.17	" " Hanstveit	Ja	21.11.73	Fylkesmannen
504.12	" " Framegarden	Ja	21.03.75	"
504.15	" " Stormyra	Ja	09.07.76	"
504.2	" " Vardalen	Ja	05.10.76	"
504.24	" " Øvre Verkane	Ja	06.10.76	"
504.7	" " Fossen	Ja	21.01.77	"
504.22	" " Skipahjelden	Ja	28.02.78	"
504.29	" " Lonevåg, reg.endring sjukeheimstomt	Ja	20.06.80	"
504.5	" " Hamre	Ja	12.06.85	"
504.5.1	" " Hamre, reg.endring	Ja	23.11.92	"
504.39	" " Hakenes hyttefelt	Ja	17.07.85	"
504.43	" " Ramberget	Ja	26.11.85	"
504.40	" " Nordre Børa hyttefelt	Ja	10.02.87	"
504.41	" " Øvre Verkane II	Ja	16.06.87	"
504.48	" " Træet – Hosanger	Ja	09.09.87	Heradsstyret
504.47	" " Øvre Eide	Ja	31.01.91	"
504.45	" " Haugemyrane industri- område.	Ja	13.03.91	"
504.55	" " Fjæregarveriet - Reigstadåsen	Ja	19.06.91	"
505.1	" " Bysheimkleivane	Ja	16.12.92	"
504.59	" " Bernes næringsområde	Ja	22.09.93	"
504.51	" " Lonevåg – Hatland	Ja	10.11.93	"
504.51.1	" " Lonevåg – Hatland, endring skuletomt	Ja	21.04.99	"
504.56	" " Valestrandsfossen. Sentrum	Ja	23.03.94	"
504.27	" " Haus sentrum, del sør	Ja	25.06.97	"
504.28	" " Raudberget industriområde	Ja	25.06.97	"
504.52	" " Haus Sentrum, del nord	Ja	25.06.97	"
504.54	" " Lonevåg sentrum	Ja	10.09.97	"
504.53	" " Skistad – Solberg Rv. 566	Ja	18.03.98	"
504	" " Mjeldstad Restdeponi	Ja	29.04.98	"
504.61	" " Rymleheia tomtefelt	Ja	01.12.99	"
504.	" " Haugemyrane II, sjukeh.	Ja	04.10.00	"
504	" " Hosanger sentrum	Ja	17.10.01	"
504	" " RV 566 HP 64 Rolland - Hauge Bussløyfe i arm til Lonevåg	Ja	17.10.01	"

504	” ”	Fossåsen Tomtefelt	Ja	07.05.03	”
	” ”	Rv 567 parsell Hauge – Lonevåg	Ja	18.06.03	”
504	” ”	Lofås Tomtefelt	Ja	03.09.03 *	”
504	” ”	Hoggje tomtefelt, Lonevåg.	Ja	12.05.04	”
504	” ”	Dalabakken, Lonevåg	Ja	12.05.04	”

\* Klagesak under handsaming juni 2004.

## UTBYGGINGSPLANAR

ARKIV NR	NAMN	FØRE-SEGNER	GODKJEND	GODKJEND AV
505.2	” ” Klubbelia Kleiveland	Ja	17.06.98	Planutvalet
505.3	” ” Grønskaret	Ja	17.06.98	”

	HYTTEPLANAR				
503.2	Hyttefelt Vassdal	10.11-75	50	50	
503,3	Hyttefelt Seilen	00.09.72	70	50	
503,4	Hyttefelt Kleppe	10.11.75	80	60	
503,5	Hyttefelt Hartveit		55	53	